

# BACHELOROPPGÅVE

Inkluderande leik i utemiljøet.

Inclusive play in the outdoor environment.

422 & 546

Bachelor i barnehagelærarutdanning.  
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett.

Institutt for pedagogikk, religion og idrett.

Rettleiar: Remi Kaldhussæter.

25.05.2022

Tal ord: 13 765

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjelde tilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1*.

**Forord**

Denne oppgåva er skriven i samband med avslutninga av barnehagelærarutdanninga på Høgskulen på Vestlandet, campus Kronstad. Å skrive bacheloroppgåva har vore eit spennande prosjekt. Til tider har det vore både utfordrande og tidskrevjande, men samtidig har det gitt oss ny kunnskap og utvikling både fagleg og personleg. Ikkje minst ny motivasjon som vi tar med oss inn i profesjonsyrket.

Først vil vi takke informantane, alle barnehagelærarane, som har stilt opp og gitt av si tid, kunnskap og refleksjon. Gjennom dykk har vi fått kjennskap og forståing av inkluderingsomgrepet og inkluderande arbeid i barnehagens utemiljø.

Vi rettar og ein takk til rettleiaren vår, Remi Kaldhussæter, som har gitt oss konstruktive tilbakemeldingar i arbeidet vårt. Han har vore imøtekommende, hjelpsam og har bidratt med sin kunnskap.

Til slutt ynskje vi å takke øvrige venar, familie og medstudentar som har støtta oss undervegs i denne prosessen.

**Abstract**

In this thesis we will discuss the adult role in children's physical play in kindergarten. The availability of adults is very important for children's safety, which forms the basis for further development. The interaction between adult and child is an essential component of quality in kindergarten, where safety is fundamental for further development. The focus of this bachelor thesis is to investigate how kindergarten teachers can facilitate inclusive play in the outdoor environment. Our research question is:

“How can kindergarten teachers facilitate inclusive play in the outdoor environment?”.

We have used a qualitative method in research, focusing on interviews with kindergarten teachers. We are left with findings which are analysed and discussed based on theory and relevant subject matter.

## Innholdsfortegnelse

<b>1. INNLEIING.....</b>	<b>6</b>
<b>2. PRESENTASJON AV TEORI.....</b>	<b>9</b>
2.1 LEIK.....	9
2.2. INKLUDERING .....	9
2.2.1. <i>Inkludering i tråd med Rammeplan for barnehagen.....</i>	10
2.2.2 <i>Viktigheita rundt inkluderande leik.....</i>	10
2.2.3. <i>Ekskludering .....</i>	11
2.3 SOSIOKULTURELLE TEORIAR .....	11
2.3.2. <i>Sosial kompetanse.....</i>	12
2.3.3. <i>Forhandlingskompetanse.....</i>	12
2.3.4 <i>Tilknyting.....</i>	12
2.4 PSYKOSOSIALT MILJØ.....	13
2.4.1. <i>Vennskap .....</i>	13
2.5 VAKSENROLLA OG DELTAKANDE VAKSNE .....	14
2.5.1. <i>Vaksenrolla i uteleiken.....</i>	15
2.6 ROMMETS KVALITETAR FOR LEIK .....	15
2.6.1 <i>Affordances.....</i>	16
2.7 FORELDRESAMARBEID.....	17
2.8 INSTITUSJONELLE PERSPEKTIV: ORGANISASJONSKULTUR .....	17
2.9 LEIING.....	18
<b>3. METODE .....</b>	<b>19</b>
3.1 VAL AV METODE.....	19
3.2 KVALITATIV METODE.....	19
3.3 SEMISTRUKTURERT INTERVJU .....	20
3.4 VAL AV INTERVJUPERSONAR .....	20
3.5 INTERVJUGUIDE .....	21
3.6 DEN KVALITATIVE UNDERSØKINGA.....	21
3.7 GYLDIGHEIT .....	22
3.9 MOGLEGE FEILKJELDER .....	23
<b>4. PRESENTASJON AV RESULTAT .....</b>	<b>24</b>
4.1 INKLUDERINGSOMGREPET .....	24
4.2. VAKSENROLLA OG FELLES FORSTÅING I PERSONALGRUPPA.....	25
4.2.1 <i>Trygg base.....</i>	26
4.2.2 <i>Leiing .....</i>	26
4.3. KONKRETE ARBEIDSOPPGÅVER FOR INKLUDERING .....	27
4.3.1 <i>Smågrupper .....</i>	27

4.3.2 <i>Leik og læringsstasjonar</i> .....	27
4.3.3 <i>Observasjon og dokumentasjon</i> .....	28
4.3.4 <i>Tradisjonelle leikar og regelleik</i> .....	28
4.4. SAMARBEID MED FØRESETTE .....	29
4.5. FORHANDLINGS- OG SOSIALKOMPETANSE .....	29
4.6. TILRETTELEGGING FOR INKLUDERANDE UTELEIK .....	30
4.7. PEDAGOGENS TID OVER MINDRE SOSIALT KOMPETENTE BARN .....	31
<b>5. DRØFTING AV RESULTAT</b> .....	<b>32</b>
5.1. INKLUDERINGSOMGREPET.....	32
5.1.1 <i>Ekskludering</i> .....	33
5.2 VAKSENROLLA OG DELTAKANDE VAKSNE .....	35
5.3. KONKRETE ARBEIDSOPPGÅVER FOR INKLUDERING .....	36
5.3.1 <i>Leik- og læringsstasjonar</i> .....	36
5.3.2 <i>Smågrupper</i> .....	37
5.3.3 <i>Observasjon og dokumentasjon</i> .....	38
5.3.4 <i>Tradisjonell leik og regelleik</i> .....	39
5.4. SAMARBEID MED FØRESETTE .....	39
5.5. FORHANDLING-, SOSIAL- OG LEIKEKOMPETANSE .....	40
5.5.1 <i>Forhandlingar og forhandlingskompetanse</i> .....	40
5.5.2 <i>Sosial kompetanse</i> .....	41
5.5.3 <i>Leikekompetanse</i> .....	41
5.6 TILRETTELEGGING FOR INKLUDERANDE UTELEIK .....	42
5.7. PEDAGOGENS TID MINDRE SOSIALT KOMPETENTE BARN? .....	42
5.8. LEIING.....	43
5.8.1 <i>Pedagogisk leiing</i> .....	44
<b>6. AVSLUTNING</b> .....	<b>45</b>
<b>7. LITTERATURLISTE</b> .....	<b>47</b>
<b>8. VEDLEGG</b> .....	<b>50</b>
8.1 VEDLEGG 1: MELDESKJEMA .....	50
8.2. VEDLEGG 2: INFORMASJONSKRIV TIL INFORMANTAR. ....	54
8.3 VEDLEGG 3: INTERVJUGUIDE.....	58

## 1. Innleiing

I denne oppgåva har vi skrive om inkludering, inkluderande leik og korleis ein som barnehagelærar jobbar med slike prosessar i barnehagen. Oppgåva baserer seg på kvalitative intervju av tre barnehagelærarar. Vi har vore oppteken av barnehagelæraren sine refleksjonar og erfaringar med slik tematikk. Gjennom ein slik intervjugprosessen har vi fått eit innblikk i, og biletet på kva som skjer i barnehagane, og kva nokre av utfordringane ved å jobbe med inkluderande leik i utedørsmiljøet kan vere.

Rammeplan for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017) legg nokre føringar for korleis arbeidet med inkludering og leik skal føregå.

*“Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typer leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og sammen med andre”* (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 20).

I grove trekk handlar det altså om å ta vare på barn gjennom sosiale relasjonar og leikesamspel.

### 1.1 Bakgrunn for val av tema

Barn er i barnehagen store delar av kvardagen sin og barnehagen er ein arena der barn skal få kunne utvikle seg i trygge og stimulerande omgivnadar, skape relasjonar, samt leike og lære. Rammeplan for barnehagen understrekar at leiken skal vere ein arena for barna si utvikling og læring, samt for sosial og språkleg samhandling (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 20). Den legg vekt på at personalet i barnehagen skal fremme eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i og rundt leiken, samt ta initiativ til leik og bidra til innpass i leiken (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 20). Uteområdet har ofte eit større areal som barna kan bevege seg på og det gjerne meir uoversiktleg. Det er fleire barn, forskjellelege material og leikar, samt nytt klima.

Rammeplan for barnehagen legg føringar for korleis arbeidet med inkludering og leik skal føregå i barnehagen:

*“Fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik. Observere, analysere, støtte, delta i og gjere leiken meir verdifull på barna sine premissar. Rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster”* (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 20).

Vi har søkt etter litteratur i ulike databasar og sett tilbake på tidlegare pensumlitteratur, samt sett på masteroppgåver som går inn på tematikken uteleik og inkludering. Vårt prosjekt omhandler tematikk rundt inkludering og uteleik, samt korleis ein som barnehagelærar kan legge til rette for dette. Vi ser på oppgåva som relevant for å gje auka kunnskap og innsikt i korleis barnehagelærarar jobbar med slike prosessar i barnehagen og kva betydning inkludering og inkluderande leik har i barnehagen. Vi ser på det som viktig å kunne ha ein forståing om at dei barna som går åleine og leikar åleine, ikkje nødvendigvis ynskjer dette.

Gjennom dei ulike praksisperiodane over tre år på barnehagelærarutdanninga har vi begge observert barn som ikkje kjem inn i leik, og der personalets evne til å hjelpe dei til å bli inkludert har variert. Nokon barnehagar har vore beviste på at somme barn treng å bli stimulert med leikekompetanse, utan å gjere noko med det, medan andre barnehagar har sett inn direkte tiltak. Vi har observert barn som har eigne leikemønster som søker leikekameratar, men ikkje har fått moglegheit til å finne ro i kvardagen til å utvikle relasjonar med andre barn.

## **1.2 Problemstilling, avgrensing og omgrepssavklaring**

Vi har kome fram til følgjande problemstilling:

*“Korleis kan ein som barnehagelærar legge til rette for inkluderande leik i utemiljøet?”*

For å kunne svare på problemstillinga blir det hensiktsmessig å definere omgrepene inkludering og leik. Problemstillinga kan bestå av fleire områder, og vi vel å gå djupare inn på vaksenrolla og viktigheita av deltakande vaksne, inkludering og ekskludering, leik og læringsituasjonar og rommets kvalitetar. Andre omgrep som vi finn hensiktsmessig å avklare er psykososialt miljø, vennskap, affordances og det institusjonelle perspektivet. Vi ser viktigheita i barns medverknad i høve til inkludering og leik, men vel på grunn av oppgåvas lengdekrav å ikkje fokusere på dette.

### **1.3 Oppgåvas oppbygnad**

Oppgåva er bygd opp ved hjelp av forskjellege hovudkapittel som er delt inn i delkapittel. I kapittel 2 skal vi gjere greie for teorigrunnlaget for oppgåva. Her skal vi gje ein oversikt over relevant teori, samt tidlegare forsking om gruppearbeid, uteleiken, inkludering og ekskludering, og om vaksenrolla og viktigheita av deltakande vaksne i uteleiken. Kapittel 3 vil innehalde ein presentasjon av metode og vi vil gjere greie for dette omgrepet og kva metodeprosessar som vi brukar i oppgåva. Val knytt til forskingsprosessen vil forklarast og grunngjeve. I kapittel 4 skal vi presentere analysen og resultat som vi fekk. Formålet her blir å gjere greie for hovudfunn i dei tre kvalitative intervjua. I kapittel 5 vil vi drøfte hovudfunn og resultat opp mot teorien som er blitt presentert i kapittel 2. Til slutt i kapittel 6 vil vi gje ei oppsummering av dei viktigaste funna i oppgåva, samt presentere betydninga rundt arbeidet og kva ein bør fokusere på i vidare forsking og arbeid.

## 2. Presentasjon av teori

I denne delen av oppgåva skal vi presentere teori om inkludering og inkluderande leik, og korleis ein som barnehagelærar kan anvende sin kunnskap og kompetanse for barns uteleik. Det vil i dette kapittelet også bli tatt for seg nokre omgrep og omgrepsavklaring.

### 2.1 Leik

Leik er ei sentral side av barnekulturen, og barnekulturen er ein sentral faktor for den sosialiseringssprosessen barn går gjennom. I følgje Lillemyr (2012) blir leik av “grunnleggende betydning for utvikling av personlig og kulturell identitet gjennom barneårene” (s. 32). Leik skal ha ein sentral plass i barnehagen, og leikens eigenverdi skal anerkjennast. Leik gjev den som leikar kjensler av glede, lykke, fornøyelse og velbehag. Det er ein aktivitet som barna sjølv vel å delta i, og leik er ein stor del av barnas barnehagekvardag. Leik blir forstått som, i følgje Øksnes (2011), noko som skjer ved at ein blir trekt inn i ei hending eller ein situasjon (Øksnes, 2011, s. 188).

Leiken er ein viktig del av barns sosialisering og kultur, og finnes i ulike formar og er ulikt frå samfunn til samfunn. Leiken variera også frå kulturen som finn sted i samfunnet. Lov om barnehagar legg føringar for at barnehagen skal “gi muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter” (Barnehagelova, 2005, § 2). Leiken er indre motivert i barnet og har ein funksjon i seg sjølv, og leiken er samspel og kommunikasjon på fleire nivå (Lillemyr, 2012, s. 43-44). For barn kan ein alltid vidareutvikle leikekompetanse og leikesamspelet med å stimulere seg saman med andre barn i ulike leikesamanhangar.

### 2.2. Inkludering

Inkludering innebere at alle individ tilhøyre og tar del i læringsfellesskapet som er i barnehagen. Alle barn skal få oppleve sosial tilhøyrighet, og det pedagogiske tilbodet skal vere lagt til rette for barnegruppa og enkeltindivid. Inkludering handlar, i følgje Statped (2020), om å tilpasse læringsmiljøet til mangfaldet blant barn, og gje alle “reell mulighet til å delta i det faglige og sosiale fellesskapet” (Statleg spesialpedagogisk tjeneste, 2020, s. 1).

### *2.2.1. Inkludering i tråd med Rammeplan for barnehagen*

Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2017) er eit styringsdokument som saman med barnehagelova gjev barnehagepersonalet føringar og rammar for barnehagens innhald og oppgåver. I følgje rammeplanen skal personalet “fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik” (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 20). Barnehagen har stor betydning for eit inkluderande fellesskap og er gjennom rammeplanen og barnehagelova forplikta til å jobbe med inkludering. Det blir også understreka at barnehagens tilbod skal tilpassast til enkeltindividet og at det skal vere eit likeverdig tilbod til alle (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19). Det å kunne realisere eit inkluderande fellesskap i barnehagen der det er plass til det enkelte barn er avhengig av måten ein som barnehagelærar leiar personalet når det kjem til tema inkludering og inkluderande leik i barnehagen.

Rammeplan for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017) og Lov om barnehagar (Barnehagelova, 2005) er styringsdokument som gjer at barnehagen har eit samfunnsmandat som personalet er forplikta til å følgje. Det er det synet på barn, læring og verdiar som er forankra i rammeplanen som skal formidlast, praktiserast og opplevast i det pedagogiske arbeidet som blir lagt ned i barnehagen. Ein av hovudoppgåvene til barnehagen er å legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap.

### *2.2.2 Viktigheita rundt inkluderande leik*

Inkludering er eit omgrep som kan forstås og tolkast på ulike måtar. Inkludering fokuserer ikkje berre på korleis ein kan hjelpe det enkelte individ til å passe inn i det sosiale samspelet, men hovudsakleg på korleis det kan utviklast eit støttande læringsmiljø som imøtekome behova til alle enkeltindivid i barnegruppa. Alle individ treng å vere ein del av eit fellesskap. Sosial tilhøyrigheit er ein viktig ramme for læring og utvikling, både som barn og voksen. Alle barn har eit ibuande behov for å leike og barn leikar fordi det er gøy. Leiken kjenneteiknast ved at den er spontan og frivillig, og den engasjerer barn på ein oppslukande måte. Gjennom felles aktivitetar får barn både erfaring, språk og synspunkt (Askland & Sataøen, 2019, s. 73). I leiken lærer barn om seg sjølv i møte med verda rundt og leiken er viktig for alle barnets læreprosessar. I følgje Ødegaard (2011) er det personalet som har ansvaret “for at alle barn skal få ta aktivt del i barnehagens virksomhet og dermed kan være inkludert i fellesskapet” (Ødegaard 2011, s. 134).

Ved å legge til rette for leikande samspel mellom barn og mellom personalet og barn, aukar moglegheitene for deltaking i leik. Eit personale som er i stand til å anerkjenne barn som likeverdige individ er med på å prege og utforme eit leikande og inkluderande miljø (Pape, 2020, s. 31).

### *2.2.3. Ekskludering*

Som barnehagelærar må ein opne opp for kommunikasjon rundt tematikken ekskludering, og fokuset kan blant anna handle om verdien av deltagande leik og aktivitetar med barn som kan vere førebyggjande mot mobbing og ekskludering. I følgje Ohm (2020) er det avgjerande at personalet rettar oppmerksamheita på både det enkelte barns trivsel og på samhandlingar i barnegruppa (s. 175). Dette er avgjerande for å kunne skape seg eit innblikk i kva som skjer i ei gruppe, og for å kunne førebyggje ekskludering og mobbing.

I følgje Lov om barnehager skal barnehagen ikkje “godta krenkelser som for eksempel utesenging, mobbing, vold, diskriminering og trakkasering [...] alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettest for slike krenkelser” (Kunnskapsdepartementet, 2005, § 41). Personalet støttar krenking av barn når dei vel å oversjå og forhalde seg passivt til situasjonen (Pape, 2020, s. 100).

## **2.3 Sosiokulturelle teoriar**

Sosiokulturelle teoriar legg vekt på læring gjennom dialog og samhandling med andre, og hovudfokuset her ligg på at barn lærer gjennom samspel med andre barn og blir stimulert i, til dømes, leik. Det er dette som byggje opp grunnlaget for barns utvikling. I følgje Bråten (1996) blir barnet “født inn i et kulturelt fellesskap, og det er samhandlingen med dette fellesskapet som legger grunnlag for utvikling” (Bråten 1996, sitert i Askland & Sataøen, 2019, s. 191). Det handlar om at gjennom samhandling og opplevingar så utviklar barn sosial kompetanse, og slike situasjonar skjer kontinuerleg gjennom barnehagekvarden.

### *2.3.2. Sosial kompetanse*

Leik er ein føresetnad for å utvikle sosial kompetanse. Å delta i leik krev sosial kompetanse, og sosial kompetanse krev leikerfaring (Askland & Sataøen, 2019, s. 82). Sosial kompetanse går ut på at ein forstår dei eigenskapane som gjer det mogleg for oss å samhandle med andre menneske i ulike situasjoner (Pape, 2020, s. 137). Desse eigenskapane vil gjere at ein opplever samhandlingane som positive, og for å kunne delta i slikt sosialt samspele krev det sosiale ferdigheitar. Desse sosiale ferdigheitene blir stimulert og vidareutvikla i det sosiale samspelet, det vil då vere ein føresetnad at ein får delta. Sosial kompetanse handlar om å kunne kommunisere og samhandle med andre (Utdanningsdirektoratet, 2018, s. 13).

Sosiale ferdigheitar inneheld at barnet meistrar sjølvheving og sjølvkontroll. I følgje Pape (2020) handlar sjølvheving i barnehagen om å “våge å ta kontakt, klare å fremme egne synspunkter, ta initiativ til lek og bli med på lek som allerede er i gang, samt invitere barn med på lek” (s. 142). Sjølvkontroll omhandlar, i følgje Pape (2020), “evnen til å holde igjen litt i samspill med andre og kunne tilpasse seg ulike situasjoner” (s. 144).

### *2.3.3. Forhandlingskompetanse*

Forhandlingar i leik kan forstås som ein del av barns kommunikasjon. I følgje Alvestad (2012) vil det å ha forhandlingskompetanse innebere å ha “lært seg spesifikk kompetanse som bygger på kunnskap gjennom erfaring” (s. 27). Barn vil ta med seg erfaringar og kunnskapar som dei får i ulike forhandlingssituasjoner og vidareutvikle forhandlingskompetansen kontinuerleg så lenge barnet blir stimulert for slike situasjoner. Forhandlingskompetanse vil vere med på at barn kan skaffe seg forståing om verda, samt menneska som lever i den og dei menneska ein må forhalde seg til både her-og-no, og vidare i livet (Alvestad, 2012, s. 27-28).

### *2.3.4 Tilknyting*

Tilknyting handlar om barnets kjenslemessige binding til dei personane som gjev barnet omsorg. Å etablere eit trygt forhold til faste omsorgspersonar i barnehagen vil vere grunnleggjande for eit barns deltaking i fellesskapet og den totale utviklinga (Aaserud 2020. s. 141). Den gode tilknytinga utviklar seg gjerne dersom barnet treng kjenslemessig støtte, til dømes dersom barnet føle seg utsatt. Dersom barnet har ein tilknytingsperson som base vil det vere lettare for barnet i barnehagen å gå ut og prøve nye utfordringar (Nordvik, 2020, s. 140 – 145). Når barnet veit at den trygge omsorgspersonen er til stades for barnet når den treng støtte,

vil det bidra til at barnet blir avslappa og trygg. På denne måten vil det gje barn eit godt grunnlag for å delta i og prøve ut ulike sider ved samspel, og prøve dei ulike moglegheitene som barnehagen og fellesskapet har å by på (Aaserud, 2020, s. 147).

## 2.4 Psykososialt miljø

Psykososialt miljø er dei mellommenneskelege tilhøva i barnehagen, det sosiale miljøet og korleis barna og personalet opplever dette. I følgje rammeplan for barnehagen skal personalet ”leggje til rette for at barna kan knyte seg til personalet og til kvarandre” (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 20). Det er viktig at personalet legg stor vekt på å byggje gode relasjonar til kvart enkeltindivid. Personalet skal behandle kvart enkelt barn som subjekt i eige liv med rett til sin eiga opplevingsverd, og med moglegheit til å påverke eigen kvardag (Bae, 2009, s. 20). Viktigheita her blir at personalet skal vise respekt for enkeltbarnet samtidig som ein arbeider aktivt for at kvart barn skal oppleve å høyre til eit positivt fellesskap.

### 2.4.1. Vennskap

Vennskap kan bli utvikla over tid dersom barn leikar mykje saman. Vennskap mellom barn byggje i all hovudsak på felles aktivitetar rundt leik (Askland & Sataøen, 2019, s. 73). Vennskap inneber handlingar, rutinar, gjenstandar, verdiar og tankar som skapar og delar i samspel med kvarandre. Normar, haldningar og verdiar kjem til uttrykk saman med andre i det sosiale fellesskapet (Löfdahl, 2014, s. 13). Rammeplan for barnehagen poengtera viktigheita av vennskap. Det blir understreka at barnehagen skal ”aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap [...] støtte barna i å setje grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 23).

Å oppleve vennskap mellom barn har stor betydning for opplevinga av meistring, trivsel og tryggleik. Det å ha ein ven kan på mange måtar ha stor betydning for barns oppleving av den gode barndom og er difor ein sentral faktor i livsmeistringsperspektivet (Pape, 2020, s. 26–30). Löfdahl (2014) omtalar omgrepet barns agens, og dette er korleis barn medverkar og skaper sitt eige sosiale ansvar og der dei har moglegheita til å vere med på å bestemme si eiga utvikling som til dømes i barnehagen (Löfdahl, 2014, s. 11–12, vår oversettelse). Det å ha gode vennerelasjonar er eit livsnødvendig grunnlag for tilpassing til seinare familie-, arbeids- og samfunnsliv (Askland & Sataøen, 2019, s. 69).

## 2.5 Vaksenrolla og deltagande vaksne

I følgje Ødegaard (2011) vil det å ha eit rikt repertoar av pedagogiske tilnæringsmåtar og «et øye for barns forskjellighet», alltid utgjere korleis barn deltar, blir inkludert og inkluderar seg sjølv (Ødegaard, 2011, s. 148).

Som barnehagelærar kan ein bidra til felles leik og samspel som involverer fleire barn gjennom oppmuntring og støtte til at barna kan gjere noko saman. Dersom ein leikar eller samhandlar med eit barn, kan det vere sentralt å vere oppmerksam på tilskodarar og invitere dei med i leiken. Dette er ein handling som kan bidra til at barnehgruppa utviklar fellesskap og leik som inkluderer alle barna. Barnehagelæraren må sjå si rolle som viktig for barnets utvikling. I følgje Pape (2020) blir personalet si hovudoppgåve å «sørge for at alle barn får mulighet til å oppleve seg selv som deltaker i fellesskapet» (s. 32). Personalet kan lære barnet å sjå samanhengar i leiken og hjelpe barnet med å kome seg vidare ved å utvide sine erfaringar. Barnas leik og arbeid bli følgd opp av ein pedagog som er ivrig, deltagande, trygg og leikande, og som har eit godt personalet i ryggen (Pape, 2020, s. 65).

Det er sentralt med eit deltagande personale og at personalet bør vere aktive i leiken saman med barna. Men det kan bli sentralt å tenkje på eit viktig element når ein snakkar om personalets rolle i leik, og det er at det er viktig at ein ikkje forstyrre eller deltar på ein negativ måte. Ein faktor i samspelet med barn er at personalet er lydhøre og vise anerkjenning i kommunikasjonen. For å leggje best mogleg til rette for barns trivsel og moglegheter kan dette bli gjort både gjennom organisering og det å skape ein god kultur. Å jobbe med det psykososiale miljøet er leiarens ansvar, men alle medarbeidarane i personalgruppa skal bidra til eit godt arbeidsmiljø.

### 2.5.1. Vaksenrolla i uteleiken

I følgje Lysklett (2013) er personalet i barnehagen heilt avgjerande for korleis kvardagen til barna blir (s. 127). Det er personalet som planlegg dagane og legg til rette for leik, og bestemmer korleis dei skal nå ulike mål. I denne planleggingsprosessen kjem haldningar og verdiar hjå personalet, og barnehagen som organisasjon fram. Cooper et al. (2014) brukar omgrepet *circle of security*, der personalet er ein trygg base barna kan anvende seg til for tryggleik (s. 16). Hovudpoenget med denne teorien er at barnet startar med ein trygg base, går vekk og søker utfordringar, før det søker tilbake til den trygge basen når det blir behov for anerkjenning og støtte. Personalet må kunne sjå om barnet er mottakeleg for læring eller om det har behov for tryggleik (Cooper et al. 2005, sitert i Lundhaug & Neergaard, 2014, s. 16–17).

Barnehagepersonalet har stor påverknad på utetida, både gjennom konkret tilrettelegging, men også gjennom handlingar i forhold til ulike aktivitetar. Innhaldet i utetida er ofte i stor grad lagt opp til barnas initiativ og moglekeit til å skape eigen leik. Mange barn er avhengige av vaksenstøtte i leik for å kunne delta (Pape, 2020, s. 163).

## 2.6 Rommets kvalitetar for leik

Rommet har stor betydning for dei moglegheiter og begrensingar naturen har å by på, for ulike rom innbyr til ulike aktivitetar (Hagen, 2015, s. 4). Ein kreativ personalgruppe som aktivt jobbar med utvikling av eksisterande miljø, vil med stor sannsyn vekke nysgjerrigkeit hjå barnegruppa. Anten ved å forlenge eller skape ny interesse for eit allereie tilsynelatande ferdig utforska miljø. Det overordna målet for leikmiljøet utandørs er at det i likskap med innandørs skal fremme barns meistring og trivsel. Utemiljøet har ofte større areal og fleire variasjonar som i større grad kan gje barn moglegheiter til å skape eigne rom som gjev mening for den leiken som blir skapt (Hagen, 2015, s. 3).

Personalet i barnehage bør bruke observasjon som reiskap for å sjå korleis barn tar i bruk eit rom, organisera det og gjev det meining ut frå sine føresetnadar og den leiken som er rådande i barnegruppa.. I følgje Hagen (2015) legg naturen til rette for at barn utviklar seg “ikke bare fysisk og motorisk, men også kognitivt, sosialt og emosjonelt” (s. 2). Når barn er i leikesamspel med kvarandre får dei stimulert ordforrådet sitt, får vidareutvikla den sosiale kompetansen og sosial samhandling. Eit barnehagemiljøet er utforma frå idear om kva aktivitetar som skal skje kvar. I uterommet er midlertidig utforminga meir open, særleg i uterommet som inneheld natur, noko som gjev barna større moglegheit til å skape dei avgrensingane dei måtte ynskje.

### *2.6.1 Affordances*

Omgrepet affordances kan tyde ein innbyding eller invitasjon. I følgje Osnes, Skaug og Kaarby (2019) er innbyding ein “funksjonell og reell egenskap eller kvalitet ved miljøet, som er definert av relasjonen mellom miljøet og organismen som lev i miljøet” (s. 170). Barn har ein subjektiv forståing og oppfatning av miljøet rundt seg, det vil seie barn ser moglegheiter ut frå sitt eige perspektiv. Hagen (2015) hevdar at desse moglegheitene “utforsker barna intuitivt gjennom lek og fysisk aktivitet” (s. 3). Naturen er ein arena som gjev moglegheiter for fri utfolding og forskjellelege typar leik.

I følgje rammeplan for barnehagen skal personalet “gi barna tilgang til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevelingar og kroppsleg leik ute og inne, i og utanfor barnehageområdet” (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 50). Naturen er eit komplekst miljø der barna utføre fleire fantasi- og rolleleikar, får betre koordinasjon, balanse, styrke og orienteringsevne (Lundhaug & Neergaard, 2013, s. 35). Når ein har ikkje-definerbare materiale, som pinnar, konglar og gras, opnar det opp for kreativ og fantasifull leik. Dette er igjen med på at barna forstår og trenar på leikemønster gjennom å bruke slikt materiale.

Utemiljøet inviterer barn til å få erfaringar både med arter og dyr samt rørsleerfaringar, men barn blir også stimulert kognitivt gjennom sosial kompetanse og sosial samhandling i leikemiljøet saman med andre barn.

## 2.7 Foreldresamarbeid

Rammeplan for barnehagen og Lov om barnehagar understrekar viktigheita for å etablere eit godt samarbeid med føresette. Barnehagen skal ivareta føresette sin rett til medverknad (Glaser, 2019, s. 112). Eit godt samarbeid krev at personalet utviklar haldningar og respekt for at føresette er ulike, og at dei ser på føresette som ressurspersonar for sine barn (Glaser, 2019, s. 17). Uansett kva bakgrunn og kultur dei føresette har, skal alle bli møtt med respekt og likeverd. Dette er noko som stiller krav til at personalet er fordomsfrie, fleksible og anerkjennande i møte med føresette. I følgje Statistisk sentralbyrå er det heile 76% av alle fire- og femåringar med minoritetsspråkleg bakgrunn som går i barnehagen (Statistisk Sentralbyrå 2017, sitert i Glaser, 2019, s. 113). Noko som innebere at barnehagelæraren og det øvrige personalet opptrer profesjonelt i møte med føresette som gode samarbeidspartnarar med omsyn til barnets beste.

## 2.8 Institusjonelle perspektiv: organisasjonskultur

Det institusjonelle perspektivet består av to hovuddelar: organisasjonskultur og institusjonaliserte omgivnadar. Her blir oppmerksamheita retta mot korleis organisasjonar opererer, forheld seg til og vidarefører verdilada oppgåveforståingar og målsetnadurar, arbeidsmåtar og strategiar (Børhaug et al. 2011, s. 21).

Kulturperspektivet er eit synonym for omgrepet organisasjonskultur fordi ein snakkar om kulturen som finn sted i ein organisasjon. I følgje Børhaug et al. (2011) er organisasjonar meir enn berre verkemidilar, “organisasjonar blir ofte over tid sterkt forpliktet på de målene og de verdiene de arbeider med, og de vil gjøre vedlikehold og videreføring av slike mål og verdier til en overordnet oppgave” (Børhaug et al. 2011, s. 26). Det uformelle ein finn i barnehagen, dei uformelle oppfatningane, ideane, normer og verdiar personalet deler i organisasjonen kan ein sjå på som kulturen som finn sted. Kulturen i barnehagen kan vere særskilt vanskeleg å endre, og det er her rolla som barnehagelærar blir sentral. Ein mål som barnehagelærar kunne bruke sin kompetanse og kunnskap i arbeidet med personalet når det kjem til å jobbe med kulturen i barnehagen, altså jobbe med dei verdiane og normene som personalet har. Heile organisasjonen er prega av fellesskapet og dei verdiane som ligg til grunn (Børhaug et al. 2011, s. 29). Kulturen blir skapt av tankar, idear og verdiar som ligg til grunn for personalet.

## 2.9 Leiing

Gjennom barnehagearbeidet startar alt med leiaren. Korleis den pedagogiske leiaren opptrer gjennom sin veremåte, handlingar, tankar og idear, vil spegle att resten av personalgruppa. Pedagogisk leiar er eit førebilete for teamet og må difor vere anerkjennande og lyttande i møte med personalet og ha forståingar for at alle er ulike og unike (Aasen, 2018, s. 193). For at vi skal kunne anerkjenne den andre må ein sjølv kunne vise empati. Med dette må barnehagelæraren leve seg inn i andre sine situasjonar og vise forståing og anerkjenne andre sitt liv enn sitt eige (Glaser, 2019, s. 94).

### 3. Metode

Metode er ein framgangsmåte, eit verktøy eller reiskap, som ein brukar for å kome fram til svar på spørjemål og ny kunnskap innanfor eit bestemt felt (Dalland, 2018, s. 52). I dette kapittelet skal vi presentere og grunne vårt val av metode for undersøkinga. Kapittelet vil innehalde informasjon om planlegging av datainnsamling, val av informantar, gjennomføring av intervju og eventuelle feilkjelde.

#### 3.1 Val av metode

Val av metode handlar om at ein skal finne den metoden som kan svare på problemstillinga og andre spørjemål i forhold til undersøkinga på ein fagleg måte (Dalland, 2018, s. 52). I denne oppgåva ynskje vi å finne svar på korleis ein som barnehagelærar oppfattar omgrepene inkludering og korleis ein jobbar i barnehagen for å leggje til rette for inkluderande leik, spesielt då i utedørsmiljøet. Vi har på bakgrunn av dette vald å bruke ein kvalitativ metode for å hente inn empiriske data. I følgje Dalland (2018) tyder empiri “kunnskap som er bygd på erfaring” (s. 115). Ved kvalitativ tilnærming rettar ein fokuset mot mennesket og deira kvardagshandlingar for å fange opplevelingar og meningar som kan vere vanskelege å talfeste (Dalland, 2018, s. 62).

#### 3.2 Kvalitativ metode

Vi har vald å bruke kvalitativ metode i denne oppgåva fordi vi er på søken etter enkelterfaringar til barnehagelærarar og deira tankar rundt arbeidet med inkludering og inkluderande leik i utedørsmiljøet.

I følgje Bergsland & Jæger (2017) er intervju den vanlegaste forma innanfor kvalitativ metode (s. 71). Intervju kan beskrivast som ein open samtale mellom intervuperson og den som intervjuar, og det er intervjuaren som i hovudsak styre samtales. I følgje Løkken & Søbstad (2017) kjenneteiknast eit intervju ved at “en person, intervjueren, stiller spørsmål til en annen person, intervupersonen, som svarer på spørsmålene” (s. 160). I kvalitative intervju ynskje ein å skape dybdekunnskap om eit tema, og gjerne då ei hending med alle fakta rundt. Som til dømes kva førte til enkelte slutnadar, og kva som blir lagt til grunn for val som har og blir tatt. Å velje intervju som strategi for å samle inn data gjev godt grunnlag for å få innsikt i ein person sine erfaringar, tankar og kjensler, noko som er hovudformålet med bacheloroppgåva.

### 3.3 Semistrukturert intervju

Eit semistrukturert intervju har spørjemål nedskrivne på førehand og blir brukt for å sjå forskjellar i svar frå forskjellelege personar. Intervjupersonane får dei same overordna spørjemåla, men kan få forskjellege oppfølgingsspørjemål. Ved å tenkje ut spørjemål på førehand er det lettare å gjere intervjuobjektet trygg på deg og samtalens, og ein kan lettare styre samtalens samd som ein ikkje kvele intervjuobjektet med ting ein ikkje merkar dei ikkje kan svare på.

Når ein har eit semistrukturert intervju, gjerne med eit overordna tema, kan intervjuobjektet merke at det er lagt ned ein del arbeid i intervjuet, og at dei ikkje blir spurde om ting som er irrelevante og tilfeldige, men at det er ein grunn for kva oppfølgingsspørjemål som blir stilt, samtidig som det verkar profesjonelt og trygt.

### 3.4 Val av intervjupersonar

Vi har intervjuat tre barnehagelærarar frå tre ulike barnehagar, der to er pedagogisk leiar på kvar si avdeling medan den siste er barnehagelærar. I denne bacheloroppgåva er vi interessert i fagutdanna personale som jobbar i barnehage, difor blir det naturleg å intervju barnehagelærarar. Vi gjorde eit strategisk utval der vi fokuserte på å få både mannlege og kvinnelege intervjupersonar, samt at intervjupersonane jobba i barnehagar som har forskjellig pedagogisk grunnsyn. Til dømes har to av barnehagane pedagogikk prega av friluftsliv, medan den siste barnehagen hadde pedagogikk prega av sosiale forskjellar og mangfold. Ved å intervju barnehagelærarar i forskjellige barnehagar fekk vi ulike syn og tankar på inkludering og inkluderande leik i utedriftsmiljøet.

Vi valde å ta kontakt med tre barnehagelærarar som vi håpte ville delta som intervjupersonar via e-post. I e-posten presenterte vi tankar rundt tema og sendte ved eit informasjonsskriv som omhandla oppgåva, prosessen rundt intervjuet og personvern, samt i tillegg nemnte vi grunnar til kvifor vi ville ha deira deltaking. Vi opplevde stort engasjement og fekk avtalt intervjudidspunkt ganske radig. I informasjonsskrivet var det vedlagt eit samtykkeskjema med grundigare informasjon om kva ein eventuell deltaking ville innebere for intervjupersonane.

Å ta eit strategisk utval går ut på at ein systematisk vel personar som ein meinar har eigenskapar og erfaringar som er strategisk med tanke på oppgåva si problemstilling (Dalland, 2018, s. 57). Vi har vald å bruke tre intervupersonar i bacheloroppgåva vår, noko vi meinar er gunstig ettersom vi tar i bruk kvalitativt intervju som forskingstilnærming. Gode samtalar med ein til tre intervupersonar kan gje mykje stoff til ei oppgåve, og gjennom desse tre intervjeta meinar vi at det finnes nok grunnlag til å svare på oppgåva si problemstilling. Valet med å intervju kun tre personar var også noko basert på oppgåvas lengdekrav.

### **3.5 Intervjuguide**

Intervjuguiden er eit hjelpemiddel under intervju for å kunne halde fokus på det som skal utforskast og forskast på. På førehand av intervjeta utvikla vi ein intervjuguide med spørjemål som er sentralt for tema med tanke på problemstilling som omhandlar inkludering og inkluderande leik. Intervjuguiden er utforma for å hjelpe og halde samtalesgangen, og blir sett på som ein støtte slik at ein har oversikt over kva tema ein skal gå gjennom. Intervjuguiden vil vere med på å førebu oss både fagleg og mentalt til møtet med intervupersonane og omvendt (Dalland, 2018, s. 78).

Når intervjuguiden blir utarbeida er det viktig å tenkje på oppbygnaden av intervjetet. Det er sentralt å fokusere på kva; tema for undersøking, kvifor; formålet med intervjetet, og korleis; intervjuteknikkar, datainnhenting, transkribering og analyse. Intervjuspørsmåla har til hensikt å opne opp slik at temaet blir lyst på frå ulike perspektiv og vinklar.

### **3.6 Den kvalitative undersøkinga**

Vi starta prosessen med å informere samarbeidsbarnehagane gjennom eit informasjonsskriv frå Høgskulen på Vestlandet om at vi er tredjeårsstudentar på barnehagelærarutdanninga som skal skrive ein avsluttande bacheloroppgåve. Før vi starta intervjetet informerte vi om formålet med intervjetet, som i følgje Bergsland & Jæger (2014, s. 84), blir omtalt som informert samtykke. Dette innebere at ein informera intervjuobjekta om målet med undersøkinga. På førehand vart dei informert om tema og problemstilling for oppgåva, samt fekk tilsendt ein intervjuguide med innleiande spørjemål før intervjetet. Spørjemåla i intervjuguiden blei utarbeida med tanke på problemstilling og det aktuelle tema.

Under intervjuet brukte vi lydopptak og nokon av fordelane er at alt som seiast blir bevart, og ein kan rette fokuset mot samtalen. Informantane fekk, som tidlegare nemnt, tilsendt eit informasjonsskriv i forkant av intervjuet der det vart informert om bruken av lydopptak.

### 3.7 Gyldigheit

I følgje Larsen & Slåtten (2012) handlar gyldigheit om relevans, og om funna er gyldige med tanke på målet for oppgåva og problemstillinga (s. 80). Vi vil argumentere for at funn i denne oppgåva kan seiast å ha gyldigheit då den lyse over oppgåva sitt tema som er knytt til problemstillinga. I arbeid med dette utarbeida vi ein intervjuguide beståande av relevante spørjemål og i tillegg sørga vi for at våre data kan bekrefast eller støttast gjennom val av teori. For å styrke oppgåvas gyldigheit ytterlegare, kunne ein gjennomført intervju med fleire informantar, men ulempa kunne då vore at grunna oppgåvas lengdekrav ville det ha vore vanskeleg å gå i djupet på same måte som ein kan med færre informantar.

### 3.8 Bearbeiding av datamaterialet

For å kunne bruke det innhenta datamaterialet i analysen blei kvart intervju transkribert, og dette skjedde i Microsoft Word og blei omgjort til pdf-fil. Transkriberinga etter kvart intervju blei gjort fortløpande, noko som gjorde at ein som intervjuar og forskar var meir førebudd før neste intervju. Gjennom å høyre intervjuet i etterkant opplevde vi å hente mykje lærdom, både i forhold til spørjemål som vart stilt og vår rolle som forskar. Transkriberinga vart gjort på nynorsk uavhengig av informantens dialekt. Dette vart gjort slik at det vart lettare å analysere transkriberinga, samt samanlikne og informantane blir meir anonymisert i forhold til sitat som blir brukt i denne oppgåva. Endring frå dialekt til nynorsk vil ikkje ha nokon innverknad på innhaldet og kvaliteten på intervjuet. Under transkriberinga valde vi å fjerne tomme ord som til dømes “eh”, “på ein måte”, “liksom” også vidare.

### 3.9 Moglege feilkjelder

I denne bacheloroppgåva er det tatt i bruk intervju som metode, og det er ulike faktorar som kan påverke intervjustituasjonen og den data ein får. Til dømes kan manglande praktisk erfaring med både intervju og intervjustituasjonen kan påverke situasjonen. I førekant av intervjuet vart det gjort prøveintervju, det ein kan kalle pilotintervju, for å førebu oss best mogleg. Ein intervjuguide vart også sendt, noko som gjorde at informantane kan ha lest seg opp på førehand. Dette kan ein sjå på som ein feilkjelde fordi dei kunne ha då fått øvd på dei svara informantane veit er teoretisk og praktisk riktig å kome med. Vi valde likevel å sende ut intervjuguide fordi vi var interessert i deira tankar og erfaringar, og ved å få tilsendt intervjuguiden på førehand kunne informantane få tid til å reflektere rundt eigen praksis.

Samtidig ser vi på utforminga av intervjuguiden som ein mogleg feilkjelde, så spørjemåla er avgjerande for kva informanten seie. Under intervjuet kan det ha oppstått misforståingar mellom oss og informanten, noko som kan utgjere ein feilkjelde i datainnsamlinga. På slutten av kvart intervju spurde vi om det var mogleg å ta kontakt dersom vi var usikker på om vi forstod informantane riktig. Dette var informantane positive til.

## 4. Presentasjon av resultat

I dette kapittelet skal datamaterialet fra undersøkinga presenterast. Formålet er å kunne gje ein oversikt over dei mest sentrale funn. Tema er basert på likskapar og ulikskapar som blei funne i informantane utsegn. Som nemnt i kapittel 3 har vi eit ansvar for informantanes anonymitet, og vil difor referere til informantane i sitat som barnehage 1, 2 og 3. Vi vel å referer til barnet med bruk av pronomen *hen*.

### 4.1 Inkluderingsomgrepet

I vårt datagrunnlag kjem det tydleg fram at informantane deler ein felles forståing for omgrepet inkludering og inkluderande leik. Kvar og ein av informantane fortel at omgrepet inkludering er ein subjektiv oppleving. Det blir lagt vekt på at det inneber å vere ein del av noko. Informantane fortel at det handlar om at alle skal føle på at dei er ein del av eit fellesskap, at den enkelte får lov til å vere seg sjølv og at ein godtar kvarandre slik ein er, slik som barnehage 3 formulera seg her:

*"Når eg tenke inkludering, inkludering som stort omgrep i barnehagen, så er det grunnlaget for at barna skal trivast og ha det godt i barnehagen" ... "og det å føle at du er ein del av fellesskapet, den du er, uansett kva utfordring eller kven du er, at miljøet er tilrettelagt for kvart enkelt barn"* (Barnehage 3).

Informantane er einige om at det er både barnehagehagelærarane og andre tilsette sitt ansvar å sørge for at alle får plass i fellesskapet og alle får føle på tilhøyrigheit i barnehagen. Informantane er einige om at arbeid med inkludering er særstakt viktig for det psykososiale miljøet og alle individ sin psykiske helse. To av informantane understrekte nødvendigheita av å gripe inn dersom ein observerer at det stadig er det same barnet som leikar åleine. I ein viss grad var ein av informantane bevisst på at barnet også har eit ansvar for å inkludere seg sjølv i leiken i forhold til kva ynskje til leik barnet har. Informanten påpeikte at det gjeld dersom ein som barnehagelærar inviterer til ulike aktivitetar og leikar, men barnet kontinuerleg avslår fordi hen vil vere åleine. Då blir det ikkje lenger barnehagelæraren og andre tilsette sin jobb å inkludere barnet. Barnehage 2 fortel om deira oppleving som barnehagelærar:

*“og det opplev eg at barnehagelæraren har eit ansvar, barnehagelæraren må sørge for at alle får plass i fellesskap og alle får føle på den tilhøyrigheita. Det er kjempeviktig for det psykososiale miljøet, og alle individenes psykiske helse”* (Barnehage 2).

Alle informantane påpeikar at dei kan leike med eit barn som står utanfor dersom andre barn ikkje ynskje å leike med hen. Nokon av informantane kan vere deltagande i leik for å få barnet med i leikesamspel, eller ta med seg barnet og finne på noko anna for å skjerme og verne om dei andre barna sin leik. Informantane var opptatt av å møte barna der hen er. Det blir også understreka at alle barn er forskjellege og difor ikkje kan behandlast heilt likt.

#### **4.2. Vaksenrolla og felles forståing i personalgruppa**

Alle informantane snakkar tydeleg om viktigheita med deltagande vaksne, og at inkludering er ein aktuell tematikk som blir diskutert og arbeida med i personalgruppa, både på avdeling og på tvers i barnehagen. Spesielt barnehage 2 formulera det slik:

*“Vi trur at det å delta, og det finnes ulike grader av det å delta, ein treng ikkje å vere aktivt med i leiken for å delta, ein kan vere tilgjengeleg, i nærleiken, eller ein kan vere veldig aktiv. Det er mange grader her. For å vareta den deltakinga og inkludering i barnegruppa så har eg ganske sikker på at dei tilsette er nøydt til å involvere seg mykje”* (Barnehage 2).

Alle informantane snakka om viktigheita med felles forståing i personalgruppa. Dei la vekt på at det handla om at ein som barnehagelærar deler kompetanse og kunnskap med personalet, og viser i den pedagogiske praksisen korleis ein kan tre inn i diverse situasjonar. Informantane la vekt på at gjennom bruk av ulike reiskap som til dømes praksisforteljingar, observasjon og dokumentasjon vil vere med på å skape rom for lærande møte og samspele. Det kom fram av informantane at sjølv om ein eventuell felles forståing er skapt, er det ikkje sikkert at den pedagogiske praksisen er lik. I stor grad var informantane bevisste på at dei som barnehagelærarar har hovudansvaret for å dele kompetanse og kunnskap, samt vere rollemodellar i den pedagogiske praksisen gjennom sjølv å vere deltagande i barns leik og det inkluderingsarbeidet som finn stad i barnehagen. To av informantane var einige om at det kan vere vanskeleg å skulle skape felles forståing med resten av personalgruppa, og dette kunne avhenge av både utdanning, kompetanse og kultur. Barnehage 3 snakkar om personalets rolle slik:

*“At alle har sin rolle og sjølvfølgeleg eg som barnehagelærar kunne ynskje at assistentane byr meir på seg sjølv og ser litt meir på barn og barnegruppa med slike brille eg har, men det er vanskeleg fordi vi har ulik bakgrunn, erfaring og kompetanse. Og det handlar veldig mykje om leiing og kva retning vise leiing”* (Barnehage 3).

#### 4.2.1 Trygg base

Det kom fram i vårt datagrunnlag at informantane såg viktigheita i å vere ein trygg og støttande vaksen som barna kan finne tryggleik i når hen kjem i situasjonar hen føle seg utrygg i. Den eine informanten la vekt på at personalet skulle vere ein trygg base der barna kan finne tryggleik. Omgrepet “circle of security” vart brukt i denne samanhengen, dette omgrepet går ut på at barnet brukar personalet som ein trygg base for så å bevege seg vidare for å søke utfordringar, også deretter går tilbake til den trygge basen dersom det blir behov for anerkjenning og støtte. Barnehage 2 formulera seg slik over viktigheita av tryggleik:

*“Og når ein mistar den grunnleggjande tryggleiken så er det verfall vanskeleg å føle seg inkludert i leik og finne dei andre leikekameratane”* (Barnehage 2).

#### 4.2.2 Leiing

Ein av informantane understrekte at som leiar av ei personalgruppe vil ein møte motstand og ein kjem til å stå i eit spenn mellom dei behova personalgruppa har og den pedagogiske retninga ein vil ta. Det kom fram frå informantane at folk er ulike og det skal vere rom for mangfold, men som barnehagelærar og pedagogisk leiar gjeld det korleis ein kan imøtekome deira behov. Ein av informantane la vekt på at som leiar må ein spele på dei ulike styrkane i personalgruppa. Informanten frå barnehage 2 formulerte seg slik om leiarrolla:

*“Som barnehagelærar er du også leiar av eit personalet, og her må du i vareta dei tilsette sitt behov. Viss ein heile tida skal gå inn med stålhand og seie “nei det er barna sine behov som er viktig”, kvar gang, så kan det vere du mistar personalet og du får ikkje med deg personalet på det arbeidet du skal gjere”* (Barnehage 2).

### **4.3. Konkrete arbeidsoppgåver for inkludering**

#### *4.3.1 Smågrupper*

I vårt datagrunnlag kom det fram som ein felles faktor at arbeid i små grupper var ein av hovudoppgåvene når det kom til inkludering. Alle informantane spesifiserte tydeleg at dei delte barnegruppa inn i både faste og varierte grupper både inne og ute, samt på tur. Barnehage 2 og 3 formulerte seg slik rundt viktigheita med smågrupper:

*“å ha små barnegrupper er utruleg avgjerande for å sjå kvart enkeltbarn og samtidig sjå heile barnegruppa” (Barnehage 2).*

*“At barn øve seg på å ha ein god relasjon til ein ven, til at han kan få det til fleire, få fleire relasjoner til heile barnegruppa. Difor heile tida legg eg til rette for å dele barn inn i små grupper og samtidig ha dei i større grupper” (Barnehage 3).*

Det kom fram frå informantane at smågrupper var eit sentralt reiskap som vart brukt i barnehagen, både fordi dette skapte tryggleik for personalet og for barna. Informantane understreka at det var dei sjølve som sette saman smågruppene og at observasjon, samt god relasjon til barna, var nøkkelen for å setje saman best eigna leikgrupper og smågrupper. Viktingheita, som alle informantane presiserte, var å kjenne barnet, barnegruppa og personalet godt. Barnehage 2 formulerte seg slik når det kom til grunnlag for inndeling av smågrupper:

*“Å dele inn i smågrupper som leikar med kvarandre, det gjev lågare skuldre og lågare stressnivå, større romsleight og lettare å vere i samspel med kvarandre, og mindre forstyrrande element” (Barnehage 2).*

#### *4.3.2 Leik og læringsstasjonar*

Ein av informantane understrekte også arbeidet med leik og læringsstasjonar. Informantane fortel at det handlar om at ein som barnehagelærarar legg til rette for lekestasjonar som tar utgangspunkt i barns interesser og som kan invitere til leik, då spesielt i utedørsmiljøet og uteleiken. Eit sentralt reiskap for å leggje best mogleg til rette for leik og læringsstasjonar er observasjon. Ein av informantane la vekt på at gjennom å leggje til rette for at barna kan leike med ulike materialar på bestemte stadar, vil det redusere tal barn som vandrar, både inne på avdeling og ute på barnehagens leikeplass.

#### *4.3.3 Observasjon og dokumentasjon*

Alle informantane var tydelege om at observasjon av barnegruppa, dynamikken og relasjonane mellom barn var sentrale i arbeid med inkludering. Observasjon gav alle informantane grunnlaget for å legge til rette for inkluderande arbeid, som til dømes leik og læringsstasjoner og samansettning av smågrupper. Barnehage 3 formulerte seg slik om kva ein ser gjennom observasjon:

*“Kven er dette barnet, kordan er dette barnet, kva treng dette barnet. Og den relasjonen kjem ikkje alltid så fort, det handlar om tillit, det handlar om ærlighet, det handlar om at den vaksne er til stade”* (Barnehage 3).

#### *4.3.4 Tradisjonelle leikar og regelleik*

Å starte opp ein tradisjonsleik saman med barna var noko alle informantane påpeikte at dei gjorde ein del av, og det kom fram at dette var det lettaste tiltaket dei brukte for å inkludere barn i leik eller hjelpe dei barna som stod utanfor i leiken. Personalet får ein sentral rolle i å rettleie barnet for å auke deira leikekompetanse og sosiale ferdigheitar. Barnehage 1 fortel om aktivitetar personalet har med barna for å skape inkludering:

*“Vi har jo jobba bevist med regelleik og har på planen at ein skal leike regelleik, men ikkje kva, men at det er eit mål for å setje i gong ein vaksenstyrt leik, og dette gjer jo ofte at barna vil vere med. Hovudproblemene der er jo ikkje at dei som ein tenkje som kan havne på utsida blir med frivillig, men det er ofte dei som allereie har nokon å leike med som kan sei dei ikkje vil vere med i dag. Men det er ikkje så farleg, for dei er jo allereie inkludert i ein leik og ein gjeng”* (Barnehage 1).

Informantane understrekte at det var vanskelegare å skulle inkludere barn som stod utanfor inn i leik som allereie var etablert av barna. Frå ein av informantane kom det fram at personalet ofte kun brukte regelleik som reiskap for å inkludere barn i leiken. Alle informantane var samde om at det ikkje var visse inkluderingsreglar for barna når det kom til frileiken i barnehagen.

#### 4.4. Samarbeid med føresette

Eit godt samarbeid med føresette er eit sentralt aspekt i barnehagen som blir understreka i rammeplan for barnehagen og Lov om barnehagar (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29). Innan informantane var det delte meininger om viktigheita av inkludering av føresette. To av informantane la vekt på at føresette har gjennom heile barnets barndom har stor betydning for barnets læring og utvikling, også når det gjeld barnets kvardagsliv og erfaringar på ulike arena i livet. Nokre av informantane la vekt på at som barnehagelærar ligg hovudfokuset når ein samarbeider med føresette, å møte dei på ein anerkjennande og inkluderande måte. Informantane la vekt på at ansvaret for at det blir skapt eit godt samarbeid mellom føresette og barnehagen ligge på barnehagelæraren og personalet. Barnehage 1 formulerte seg slik om viktigheita av deltakande føresette:

*“Vi ynskje jo at foreldrene også skal delta, vi ser jo at det er nokon grupper som stiller sjeldnare opp på ting i foreldreråd og samarbeidsutval, men er veldig flinke til å dukke opp på sånne arrangement i barnehage, for eksempel påskekafè, FN-dag, der barne er med, mat inkludert så kan dei kome med mat”* (Barnehage 1).

#### 4.5. Forhandlings- og sosialkompetanse

Kvar og ein av informantane går inn på barns forhandlingskompetanse og sosialkompetanse i forhold til barns møte og relasjonar til andre barn. Dei la vekt på viktigheita av at barn ofte er i samspel med andre barn som har likt utvikla leikemønster og leikekompetanse. Informantane la vekt på at leikekompetanse var sentralt for at barnet skal kunne få delta og invitere til leik. Ein av informantane understrekte at det var ein samanheng mellom leik i heimen og korleis barnet leikar i barnehagen. Barnehage 1 understrekte det slik:

*“Barns leikekompetanse er jo avhengig av det som skjer heime”* (Barnehage 1).

Nokon av informantane spesifiserte at arbeid gjennom små grupper kan vere eit reiskap for at barn med mindre utvikla leike-, forhandlings- og sosialkompetanse får stimulert seg ved å leike med barn som er meir utvikla på dette feltet. Barnehage 2 formulera seg slik når det kjem til forhandlingar:

*“Det krev mykje å leike saman i større grupper, det blir, forhandlingane blir større”*  
 (Barnehage 2).

I vårt datagrunnlag kjem det tydeleg fram frå alle informantane om at for forhandlingssvake barn kan det vere vanskeleg å skulle tre inn i andre barns leik, og at ein deltagande voksen kan vere barns innpass til leiken, og barnehage 2 understrekar kor vanskeleg det kan vere med forhandlingar slik:

*“Det krev mykje å forhandle med andre barn, og det er desse barna som synest det er vanskelegast, som fell av”* (Barnehage 2).

#### **4.6. Tilrettelegging for inkluderande uteleik**

Alle informantane meinat for å få til heilskapleg og inkluderande arbeid i uteleiken er det heilt avgjerande å få med heile personalgruppa. Fleire av informantane nemnde at arbeidsoppgåver og planar som er bestemt blir tilsynelatande gjennomført i lettare grad inne enn ute. Ein av informantane var meir bevisst på viktigheita med uteleik, og formulerte seg slik:

*“Eg tenkje det er viktig at barnehagen ser på uteleik som likeverdig aktivitet som inneleik”*  
 (Barnehage 3).

Informantane understrekte rommets betydning, der dei meinat at det er lettare å avgrense leik, barna finn kvarandre lettare og dei kjem tettare på kvarandre på grunn av rommets størrelse. Informantane seie at det er vanskelegare for fleire barn i utetida, då det er fleire faktorar som spelar inn. Til dømes på møtedagar der alle barna blir samla på eit område. Barnehage 2 formulerte seg slik i forhold til rommets betydning:

*“Avdelinga vår er kjempeliten, så dei kjem liksom ikkje utanom å møte kvarandre inne. Og utandørs så kan det vere vanskelegare”* (Barnehage 2).

#### 4.7. Pedagogens tid prioritert over mindre sosialt kompetente barn

To av informantane uttrykte korleis eit utedmiljø og ein leikeplass med mange barn kan vere forstyrrande og øydeleggjande for enkelte andre barn. Dei understrekte at på dagar der det var planlagde møter var det ikkje alltid lagt godt nok til rette for dei barna som fell lettare ut av leiken eller ikkje like lett klare å kome seg inn i leik. Barnehage 3 formulerte seg slik om kva som kan skje i den rolege frileiken ute:

*“Det er meir fokus på inneaktivitetar og planlagde aktivitetar og all det faglege nesten skjer inne, men dei kan leike fint ute, det er frileik. Men forsking vise at det skjer ekskludering og utesetning, det skjer ting som ikkje er heilt okei ute”* (Barnehage 3).

Informanten frå barnehage 2 kom med eit eksempel på korleis pedagogane si tid påverkar barn som skal inn i leiken og formulerte seg slik:

*“Eg trur på møtedagar i barnehagen der alle barn blir berre sendt ut på leikeplassen når alle er der, då trur eg på det tidspunktet, at ingenting er verre enn å vere barn akkurat då, vertfall for dei mest usikre. For då er det kanskje 70 barn som springe rundt også er det færre vaksne enn vanleg og det kan vere veldig stressande. Og når ein mistar den grunnleggjande tryggleiken så er det vertfall vanskeleg å føle seg inkludert i leik og finne dei andre leikekameratane. Så det heilt grunnleggjande som tryggleik og tilhøyrigheit er kjempeviktig for å kunne bli inkludert”* (Barnehage 2).

## 5. Drøfting av resultat

I dette kapittelet vil vi drøfte våre funn opp mot den teorien vi tidlegare har presentert, og egenerfart kunnskap og synspunkt vil kome fram her. Vi gjentar vår problemstilling:

*“Korleis kan ein som barnehagelærar legge til rette for inkluderande leik i utemiljøet?”.*

### 5.1. Inkluderingsomgrepet

Inkludering handlar om at personalet i barnehagen tilpassar læringsmiljøet til mangfaldet blant barn, og gjev alle ein reell moglegheit til å delta i det sosiale fellesskapet. For å realisere inkludering er det viktig at ein har forståing for kva inkludering inneber i praksis. Inkludering kan beskrivast som fellesskap, deltaking, medverknad og læringsutbytte. Det kan vere tilgang til sosialt fellesskap med jamnaldrande.

I følgje rammeplan for barnehagen skal personalet “bidra til at alle barn som går i barnehagen, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik” (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8). Det kom fram etter intervju at alle informantane var samde om at det er både barnehagelæraren og det øvrige personalet som har ansvaret for å sørge for at alle får plass i fellesskapet og føler seg sett. Alt personell har ansvar for at dette skjer i den pedagogiske praksisen i barnehagen, medan barnehagelæraren har det ekstra ansvaret for at det blir skapt ein felles forståing rundt temaet inkludering og barn som subjekt. For at barnehagelærarane skal legge til rette på best mogleg måte går alle informantane inn på observasjon som reiskap, samt ulike måtar ein kan leie personalet på. I all hovudsak vil det igjen gå på korleis ein som barnehagelærar kan skape felles forståing innad i personalgruppa og igjen reflektere over den pedagogiske praksisen som blir gjort i situasjonar med inkludering og ekskludering.

Når ein jobbar med inkludering i barnehagen fokuserer ein ikkje berre på korleis ein kan hjelpe enkeltindivid til å passe inn i det sosiale samspelet og fellesskapet, men ein jobbar med korleis ein kan legge til rette for eit støttande læringsmiljø som møter dei behova kvart individ har samtidig som ein legg til rette for heile barnegruppa. Ohm (2020) snakkar om at som personale er det viktig å rette oppmerksamheita både på det enkelte barns trivsel og på samværsmøte i barnegruppa (Ohm, 2020, s. 175).

Det kom fram i analysen at nokre av informantane kunne bli med i leiken for å få barnet inn i leiken, eller ta med seg barnet og finne på noko anna for å skjerme dei andre barna sin leik. Informantane var opptatt av å møte barna der dei var og ta utgangspunkt i deira interesser. I følgje Pape (2020) er eit leikande og inkluderande miljø prega av eit personale som har kunnskap og kompetanse til å anerkjenne barn som likeverdige individ (Pape, 2020, s. 29-32). Når det kom til aktivitetar utandørs var ofte regelleik eit døme på leik der personalet tok initiativ.

Som barnehagelærar kan ein starte med å samtale med personalet om ekskludering i leik, korleis ein kan jobbe med å skape eit inkluderande leikemiljø i barnehagen og korleis ein kan styrke barnas leikekompetanse. Dette kan til dømes vere på personalmøte, avdelingsmøter og pedagogiske møter. Fokuset kan ligge på korleis ein som barnehagepersonell kan løfte fram enkeltbarn som attraktive leikekameratar og korleis ein kan leggje til rette og skape eit inspirerande leikefellesskap på avdeling. Å samtale om slike problemstillingar kan vere med på å løfte fram profesjonen sine eigne vurderingar, faglege refleksjonar og alternative arbeidsmåtar. Det vil samtidig i større grad ansvarleggjere personalet som igjen skal utøve profesjonsetisk skjønn i alt arbeid som blir gjort i barnehagen.

### *5.1.1 Ekskludering*

Fokuset i dette delkapittelet er å løfte ein diskusjon om korleis barnehagelærarar utøver sitt profesjonsetiske skjønn og sin pedagogiske handlekraft i møte med ekskludering i leik, som ofte er det aller første teiknet på utestenging.

Kunnskap om barns leik og leikemønster utgjer ein stor del av barnehagelærarens fagkompetanse. Som barnehagelærar har ein kunnskap om kva det er som gjer barn til gode leikekameratar og korleis ein kan leggje til rette for eit inkluderande leikemiljø. Ein har kompetanse om korleis ein kan utvikle, inspirere og forsterke barns leikande utforsking og korleis ein kan jobbe innad på avdelinga for å utvikle barnet sin eigen leikekompetanse.

For barn sjølv vil det ofte ikkje vere ei vond meining bak det som opplevast som ekskludering av andre barn frå leiken. Det kan handle om å verne sin eigen leik og sine nære relasjonar med kvarandre. Ein av informantane presiserte at dette med ekskludering er like vanleg som inkludering og at dette er eit naturleg aspekt i barnehagen fordi det kan grunne i at barn synest

det er vanskeleg å leike med andre barn. Informanten går inn på at barn ynskje å verne om sin leik og avgrense leiken sin, fordi dei har det kjekt i det sosiale samspelet med andre barn. Barn opplever meistring i den leiken dei har, og denne leiken og samspelet kan bli trua dersom andre barn blir med fordi dei ikkje veit korleis leiken vil eskalere og utvikle seg. Difor kan ein ikkje ansvarleggjere barna med å skape leike- og inkluderingsreglar som dei skal følgje. Det blir sentralt å anvsarleggjere dei som har det profesjonsetiske ansvaret i situasjonen, nemleg barnehagelærarane og resten av personalet.

Det er personalet i barnehagen, spesielt då barnehagelæraren, som må vere tydeleg og modig i møte med barn som blir ekskludert frå fellesskapet, og dei gode leikesamspela. Både fagarbeidarar og barnehagelærarar er viktige rollemodellar for resten av personalgruppa og føresette i barnehagen, samt ovanfor barna. Kvar dag viser ein haldningar, verdiar og menneskesyn i møte med andre. Eit viktig reiskap for å førebygge ekskludering er å gje barna moglegheit til å vere saman om noko. Alle informantane påpeikte bruk av smågrupper i barnehagen, men barnehage 3 gav også eit døme på ein arbeidsmåte der ein kan jobbe med å ha felles prosjekt eller felles leikeforløp, nemleg gjennom leik- og læringsstasjonar. Dette er eit reiskap og arbeidsmåte der barn i barnegruppa kan få moglegheit til å skape leik som basera seg på felles interesser.

## 5.2 Vaksenrolla og deltakande vaksne

Alle informantane påpeikte at for at eit barn skal få oppleve inkludering må barnet føle seg som ein del av fellesskap og ha tilhøyrigheit til barnehgruppa. Det blir personalets oppgåve å leggje til rette for aktivitetar og inviterande materialar som barna finn interessante i sin leik. Trygge og gode relasjonar til personalet synest å vere grunnleggjande for at barn skal våge å delta i eit sosialt fellesskap. Barnas interesser og utprøvingar blir følgd opp av ein deltakande, engasjert, ivrig, trygg og leikande pedagog (Pape, 2020, s. 65). I barnehagen blir det sentralt å kunne ha eit personale som ynskje å støtte barns leik. Eit personale med mykje varme og engasjement ovanfor barn, og som er opptatt av det barna er opptatt av. Eit deltakande personale kan bidra til felles leik og samspel som involverer fleire barn i barnehgruppa gjennom oppmuntring og støtte. Gjennom å invitere dei barna som står rundt kan ein bidra til felles leik og samspel som involverer fleire barn i barnehgruppa.

Personalet er ansvarlege for det fysiske miljøet barna oppheld seg i, og det er dei som legg til rette for at barn skal kunne leike, utforske og utfolde seg på ein naturleg og trygg måte. I følgje Ødegaard (2011) vil det å ha eit rikt repertoar av pedagogiske tilnærtingsmåtar og “et øye for barns forskjellighet” vere faktorar for korleis barn deltek, blir inkludert og inkludera seg sjølv (Ødegaard 2011, sitert i Korsvold, 2011, s. 148). Å observere leiken til barn kan gje nyttig informasjon om deira utvikling. Slike observasjonar vil ofte gje signal om barns kompetanse. Kvar enkelt av personalet må kunne reflektere over sine sterke og svake sider i forhold til barnehgruppa og personalgruppa.

Vi har gått inn på kor sentralt det er med eit deltakande personell og at personalet bør vere aktive i leiken saman med barna, men likevel er det viktig at ein ikkje forstyrrar eller deltar på ein negativ måte. Ein faktor i samspel med barn er at personalet er lydhøyre og viser anerkjennande kommunikasjon. Barns trivsel og moglegheiter for gode leik- og læringssituasjonar vil vere avhengig av personalet sin kompetanse i å leggje til rette, gjennom både organisering og kulturskaping. Å jobbe med det psykososiale arbeidsmiljøet er leiarens ansvar, men alle medarbeidarane skal bidra til å medverke til eit godt arbeidsmiljø.

### *5.2.1 Trygg base - circle of security.*

Ein av dei mest sentrale rollene til personalet i barnehagen er å vere ein trygg omsorgsperson for barna. Trygg tilknyting er sentralt for at barn kan utforske og føle på sjølvstendigheit og behovet for å undersøkje verda og omgivnadane. Eit døme på når barn treng å føle tryggleik kan vere i møte med andre barn og i startfasen av etablering av relasjonar. I følgje Cooper et al. (2014) er omgrepene *circle of security*, tryggleikssirkelen, det som beskriver at barnet treng ein trygg base for å kunne undersøkje omgivnadane (Cooper et al. 2005, sitert i Lundhaug & Neergaard, 2014, s. 16-17). For å kunne skape gode og trygge relasjonar med barna er det sentralt å kunne sjå kva behov dei ulike barna har. Når ein har tolka og forstått barnets ulike behov har ein som tilknytings- og omsorgsperson moglegheit til å støtte barnet på ein god måte. Informantane var samde om at viktigheita i personalrolla var å vise omsorg, empati og nestekjærleik til barna i barnegruppa og i barnehagen.

## **5.3. Konkrete arbeidsoppgåver for inkludering**

### *5.3.1 Leik- og læringsstasjonar*

Dei viktigaste læringsituasjonane i barnehagen oppstår i dagleg samspel, leik og vennskap barn imellom, og i samspelet mellom personalet og barna. For at leiken skal blomstre treng barn tid, plass og noko å leike med, altså det er tilgjengeleg ulike materialar i barnehagen. Leiken treng også næring som enkeltbarnet får gjennom erfaringar og opplevelingar. Dette kan vere både i barnehagen så vel som barnehagens nærmiljø, til dømes i eit byggjefelt eller ein leikeplass. For å ivareta leiken kan barnegruppa delast, både inne- og utearealet kan tas i bruk og leikeområdet kan leggjast til rette etter barns behov. Den tredje informanten, barnehage 3, var den einaste barnehagen som bevisst brukte leik- og læringsstasjonar i arbeidet med inkludering. Fokuset i denne barnehagen låg på å ha tilgang på nok materialar, og at alt av materialar både inne og ute har sin eigen plass. I staden for at barn skal dra ut mykje av leikar og strø dei rundt på uteområdet, kunne personalet gripe interesse til barn som vandrar utanfor leiken med å setje i gong ulike lekestasjonar. Ved å ha desse lekestasjonane kan det invitere andre barn og gjere slik at det barnet som leikar åleine i utgangspunktet, blir ein meir attraktiv leikekamerat fordi det vise seg at desse barna delar felles interesse innanfor leik.

I følgje rammeplan for barnehagen skal barnehagen leggje til rette for at barna "opp leve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre" (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 22). Som barnehagelærar blir det sentralt i tråd med

føringane i rammeplanen å vere observant og oppmerksam på barnas interesser og engasjement, samt leggje til rette for læring i slike ulike situasjonar og aktivitetar (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 22).

### 5.3.2 Smågrupper

Hensikta med å dele inn i fleire smågrupper er for å kunne skape meir ro og konsentrasjon for det enkelte barn i forhold til leik og aktivitet, samt fremme kontakt og stimulere til vennskap mellom barn. Barnehage 1 understrekte ved å ha leikegrupper gjev det betre oversikt på avdeling, struktur og tryggleik. Informanten påpeikte at ved å ha leikegrupper innandørs får personalet betre oversikt over leiken og kan i ro observere samhandlingar mellom barna slik at dei deretter kan eventuelt bidra støttande på ein hensiktsmessig måte. Alle tre informantane var einige om at gruppene burde vere konsistente, men samtidig varierande i forhold til kven som skal vere inne og kven som skal vere med på tur. At ein har slike grupper over tid gjer slik at barna kan bli kjent med kvarandre, dei byggje relasjonar, får oppleve og erfare gjennom deltaking i gode leikesituasjonar. Slike planlagde smågrupper kan praktiserast i barnehagen alt frå dagleg til nokon gongar i veka eller månaden, og dette varierer frå barnehage til barnehage.

Barnehage 2 legg vekt på at dei praktiserer inndeling av grupper kvar dag, der plassmangel var ein viktig faktor på lik linje med fordelane det har for barn og deira samspel med andre. Barnehage 3 som er ein mindre barnehage brukte grupper i like stor grad, men i eit mindre tidsaspekt, det vil sei dei brukte smågrupper kun nokon timer i løpet av dagen og ikkje gjennom heile dagen slik som i barnehage 2. Dette gjer dei fordi dei vil at barn skal få stimulere seg med nye leikekameratar og få moglegheit til å skape nye relasjonar, men samtidig ikkje blir heldt vekke frå dei barna dei allereie har gode relasjonar med. I følgje Löfdahl (2014) kjem normar, haldningar og verdiar til utrykk saman med andre i det sosiale fellesskapet. Det er når barn leikar over tid som dannar eit godt grunnlag for at det kan utvikle seg gode relasjonar og vennskap (Löfdahl, 2014, s. 13).

Våre informantar jobbar alle i aldershomogene barnehagar. Dette vil sei at dei jobbar på aldershomogene barnegrupper eller avdelingar som består av barn som er sett saman ut i frå barnets alder. Den pedagogiske grunnen for å organisere barnehageavdelinga etter barns alder kan blant anna vere at både det faglege og metodiske arbeidet er lettare å planleggje og gjennomføre når barnegruppa består av barn med lik alder. I forhold til vennskap og

leikesamspel er det lettare for det enkelte barn å etablere venar innad på avdelinga, fordi det er fleire jamnaldrande å velje mellom. I følgje Pape (2020) vil det å ha ein ven på mange måtar ha stor betydning for barns oppleving av den gode barndom, og er difor ein sentral faktor i eit livsmeistringsperspektiv (Pape, 2020, s. 26–30). Når det er få å leike saman med, til dømes når ein delar inn i smågrupper, blir det enklare for barna å forstå samanhengen i leiken og følgje eit leiketema og leikemønster.

### 5.3.3 Observasjon og dokumentasjon

Observasjon er, i følgje Løkken & Søbstad (2013), “noe alle mennesker og fagområder benytter seg av i sin daglige virksomhet» (s. 40). Det er eit reiskap for å bli kjent med barn og sjå kva ulike behov barn har. For observasjon er det barnas interesser som er utgangspunktet. Gjennom å bruke observasjon for å sjå kven som er med i leiken og kven som forhandlar, kan ein sjå på det Löfdahl (2014) omtalar som barns agens. “På denne måten blir det også eit nyttig teoretisk omgrep i pedagogisk forsking der barn og barn sine aktivitetar står i fokus” (Löfdahl, 2014, s. 26, vår oversettelse).

Observasjon er sentralt når det kjem til å finne ut ulike behov for enkeltindivid dersom dette barnet treng ekstra støtte og ressursar. Som barnehagelærar er det viktig å ha god kunnskap om barn, deira utvikling og om barn i gruppe, samt ha kompetanse og kunnskap om sjølvrefleksjon og definisjonsmakt. Dette blir sentralt når ein som barnehagelærar skal handle med profesjonelt skjønn og god yrkesetisk praksis. Alle informantane var samkøyrd i beskrivinga av viktigheita rundt observasjon. Det kom også fram at det var andre reiskap, som til dømes praksisforteljingar, som blir mykje brukt i forhold til lærande møte med personalet.

Dokumentasjon er eit reiskap som blir brukt i forhold til informasjon som personalet brukar innad i barnehagen. Dokumentasjon kan bli brukt av personalet i arbeid som til dømes eit utviklingsarbeid. Det er også eit reiskap som kan bli brukt i møte med føresette, til dømes, i vekselslutt eller månadsbrev. Barnehage 3 påpeikte i intervjuet at som barnehagelærar kunne ein gjerne ynskje at dei andre tilsette på avdeling var like engasjert i å skulle skrive ned observasjonar og praksisforteljingar. Når barnehagelæraren må gjere dette åleine blei det vanskeleg å kunne sjå alt som skjer både i barnegruppa, men samtidig med enkeltbarnet.

I ein observasjon vil det vere faktiske personar det omhandlar. Det vil vere konkrete barn i situasjonar og settingar, og konkrete andre personar som barna må forhalde seg til, og det er ein konkret observatør som observera situasjonen. I ein slik situasjon påverkar alle kvarandre og det som skjer i situasjonen. Hovudfokuset som barnehagelærar blir å observere barna i barnehagens kvardagsliv for å forsøkje å få kunnskap om korleis barna trivast og har det i barnehagen.

#### *5.3.4 Tradisjonell leik og regelleik*

Regelleik er leik der det er reglar for korleis leiken skal gjennomførast, til døme "Rødt lys" eller "Stiv heks". Informanten frå barnehage 1 la mykje vekt på at i uteleiken var bruken av regelleik eit reiskap personalet brukte for å inkludere barn i leiken. Informanten frå barnehage 2 kom også med eit døme på at regelleik var eit sentralt reiskap og leikesituasjon der det var lett å kunne invitere barn som stod utanfor. Når personalet var deltakande kunne ein hjelpe til å danne forståing for reglane, men når personalet trådde ut av leiken fall den ofte frå kvarandre då ikkje alle hadde forståing for kva reglar som var gjeldande og hadde den kompetansen ein trenge for å forhandle i slik leik.

### **5.4. Samarbeid med føresette**

Føresette er den viktigaste omsorgspersonen i barnets liv, dei er barnets anker og korleis dei har det har betydning for barnets oppleveling av seg sjølv og sine omgivnadar. Til dømes når føresette er trygge på at barnet har det godt i barnehagen, vil det ha ein positiv effekt på barnets oppleveling av eigen barnehagekvardag.

Det er ikkje berre barnehagepersonalet som har ansvaret for å fremme den gode kontakta og dialogen mellom heim og barnehagen, også føresette må yte sitt for at eit godt samarbeid skal bli danna og lykkast. Føresette skal både kunne stille krav og ha forventningar til personalet, men også på seg sjølv, lytte til personalets råd og informasjon, samt ta samarbeidet på alvor. Det som er ynskjeleg er å oppnå med samarbeidet er kontinuitet mellom heimen og barnehagen. Dette er for å skape tryggleik og best mogleg høve til utvikling for barnet. Her har både barnehagelærarane og føresette eit felles ansvar. Som pedagogisk leiar og barnehagelærar skal ein lage møteplassar og rutinar som sikrar at barn og føresette får medverknad i barnehagens kvardagsliv.

Funna tydar på at alle barnehagane legg vekt på verdien av å byggje gode relasjonar mellom barnehage og føresette både gjennom dei formelle og uformelle møta. Dei formelle møta er til dømes dugnad, foreldre kafé og FN-dag. Dei uformelle møta er gjerne hente- og bringesituasjonar. Gjennom å ha god relasjon med føresette vil det vere med å spegle den tilliten barnet har til personalet. Den gode relasjonen vil også styrke barns trivsel i barnehagen. Analysen tyder på at alle barnehagane arbeider med inkludering gjennom ein tett relasjon med føresette, og dermed aukar den gode kommunikasjonen mellom barnehagen og heimen. Informantane snakkar om at gjennom den gode relasjonen aukar moglegheita til at barna føle seg inkludert i barnehagen, men også utanfor barnehagen. Informantane legg vekt på medverknad frå føresette har stor innverknad på det pedagogiske arbeidet, til dømes når det kjem til utforming av månadsplan og årsplan. Informanten frå barnehage 3 presiserte at gjennom evaluering av brukarundersøkingar, som gjev barnehagen ein direkte tilbakemelding på det pedagogiske opplegget, vil vere med på å gje barnehagen eit godt grunnlag til vidare evalueringsarbeid.

## 5.5. Forhandling-, sosial- og leikekompetanse

### 5.5.1 Forhandlingar og forhandlingskompetanse

Ein relasjon mellom barn kan sjåast på som det forholdet to eller fleire barn har seg imellom. Barn sin leik er ein del av deira sosiale samspel og det er dette sosiale samspelet ein kan sjå i samanheng med vennskap. Dersom eit barn slite med å kome inn i leik, bør personalet vere støttande og rettleie barnet for å finne gode inngangsstrategiar. Desto meir barn blir stimulert og får erfare situasjonar der dei må forhandle, desto meir utviklar dei forhandlingskompetansen sin. Vidare i livet vil barn få bruk for den tidlege forhandlingskompetansen som barnet tileignar seg i møte med andre barn i barnehagen.

Ved å bli meir oppmerksame på barns forhandlingar vil personalet kunne få meir kunnskap og kompetanse om korleis barn forhandlar og kva strategiar som blir brukt (Alvestad, 2012, s. 139). Ved å observere kva barna gjer og kva strategiar dei nyttar seg av, kan ein skaffe seg eit betre bilet av forhandlingskompetansen til barn. Reiskapen observasjon kan vere nyttig i å kunne samle inn data om kven av barna som er gode til å forhandle og kven som treng personalets stimulering for å auke forhandlingskompetansen. Barnehage 2 understrekte at det å skulle forhandle med barn kan vere vanskeleg dersom ein ikkje leggje til rette for at barnet kan gjere det i trygge rammar. Slike trygge rammar kan bli skapt med å vere i smågrupper.

### *5.5.2 Sosial kompetanse*

Sosial kompetanse består av eit sett ferdigheitar som naturleg inngår i ein heilskap i barnas samspel. Dette kan til dømes vere sjølvkjensle, empati, sjølvhevding og sjølvkontroll (Pape, 2020, s. 137). Ved å ha gode relasjonar mellom barn og personalet vil barna få erfaringar som hen få bruk for i andre relasjonar. Sjølvhevding går ut på å kunne hevde seg sjølv og eigne meningar på ein god måte, ta initiativ og bli med på leik som allereie er i gong. Dette kan for nokon barn vere særstakt vanskeleg og eit sårt element av barnehagekvarldagen. Difor blir vaksenrolla sentralt i barns møte med andre barn. Eit kunnskapsrikt og kompetent personalet kan vere rollemodellar for barn som treng rettleiing i å skulle møte andre barn i leiken. Sjølvkontroll går ut på å kunne tilpasse seg ulike situasjonar og takle konfliktar. Såre barn blir ofte enda sårare i situasjonar der det kjem konfliktar. Det er i slike situasjonar barn får stimulert og utvikla forhandlingskompetansen (Pape, 2020, s. 142-144).

### *5.5.3 Leikekompetanse*

Barns leik kan vere komplisert, og nokon leikar krev erfaring og øving. Mange barn lærer av å observere andre barn i leik. For å hjelpe med å utvikle god leikekompetanse må personalet vere til stade der barna leikar. Leikekompetanse vil seie den kompetansen barnet får når det kjem til leik, leikesamspel og ulike leikemønster. Barn skal meistre ulike ferdigheter for å kome inn i leik og for å oppretthalde den. Leiken er på barnas premiss, den har eigenverdi og det er i leiken barn får utfolde deira fantasi og kreativitet. Å ha eit godt samspel i leik er viktig for å få delta i leiken. Barn har fleire ulike kodar i leik som ikkje personalet alltid forstår og det er desse kodane barn får lære i samspel med andre.

## 5.6 Tilrettelegging for inkluderande uteleik

Den pedagogiske tilrettelegginga handlar om korleis ein jobbar med barnegruppa og enkeltbarn. Leik er ein viktig samhandlingsform og nokre barn finn det vanskeleg å snakke, men kan gje uttrykk for erfaringar og kjensler gjennom leik. Gjennom å leggje til rette for barns læring og utvikling bidreg ein som barnehagelærar å auke barns forhandlingskompetanse og problemløysnadsferdigheiter, samt stimulerer til tenking og forståing. For personalet er det viktig å vere aktivt involvert med barna og sørge for at dei har mogleger til å utforske og lære i kvardagssituasjonane som oppstår. La barna få mogleheit til å finne løysingar sjølv og ved vidare behov hjelpe og rettleie dei til å oppdage nye måtar å, til dømes bruke materialar på, ved å kome med forslag til kva dei kan gjere eller ved å stille spørjemål.

Å leggje til rette for i leik i barnehagen kan hovudfokuset vere å ta innspel frå det ein har observert at barnas interesser og ferdigheitar. Informanten frå barnehage 3 la vekt på bruk av leik- og læringsstasjonar der dei la til rette for leik som er basert på barnas interesser. Informanten hadde eit døme på ein leikestasjon med dinosaurar. Barna har vist interesse for dinosaurar tidlegare, dette hadde informanten observert og ved å bruke denne observasjonen hadde informanten lagt til rette ein leik- og læringsstasjon med tema dinosaurar. Personalet kan også leggje til rette for leik på tvers av avdelingar slik at barn som vanlegvis ikkje treffast, får mogleheit til å leike saman.

## 5.7. Pedagogens tid prioritert over mindre sosialt kompetente barn

Gjennom alle tre barnehagane vi intervjuia kom det fram at på møtedagar blir alle barna sendt ut. Alle informantane la fram i vårt datagrunnlag at dei arbeidar kontinuerleg med å leggje til rette møtedagar slik at det går minst mogleg utover barnegruppa, og dei legg vekt på at møtedagane øydeleggje mogleheitene og leiken til dei mindre sosialt kompetente barna. Ein av informantene la vekt på at dei regelmessig jobbar med tilrettelegging, likevel spesifisera informanten at sjølv om personalgruppa har fått den felles forståinga for korleis dei skal arbeide eller utføre metoden, kan likevel praksisen vere ulik. Informanten forklarar at det er vanskeleg å styre kvar personalet skal vere utandørs i forhold til innemiljøet. Barnehage 2 veit om konsekvensane av pedagogens tid, men det kjem ikkje fram i intervjuet at barnehagen gjer noko konkrete tiltak for å i vareta inkluderande leik:

*“ingenting er verre enn å vere barn akkurat då, vertfall for dei mest usikre”*  
 (Barnehage 2).

Barnehage 3 jobbar kontinuerleg med leik og læringsmiljø for å skape inkludering sjølv når det er møtedagar. Her legg informantane vekt på viktigheita av førebyggande arbeid som inkluderande miljø. Informanten uttrykte at det aller viktigaste her er at personalet får den same felles forståinga og arbeida deretter mot å nå felles mål. Den konkrete arbeidsmetoden som er utforma er leikestasjonar der stasjonane blir vedlikehald og stadig utvikla med ulike element og materialar heile tida. Denne leikestasjonen kan då bli nytta av alle barn i barnehagen uavhengig av alder. På denne måten får barna ein kjensle av tilhøyrigheit på tvers av avdeling. Barnehage 2 formulerer seg slik over pedagogens tid:

*“Stor utfordring i barnehagen at ein skal noko heile tida. Det er pause, møte og planlegging og alt som trekkje oss vekk frå barnet”* (Barnehage 2).

Alle informantane uttrykte at slike dagar ser dei særleg utfordringar hjå barn som har utfordringar i leiksamspele, når den trygge tilknytinga ikkje er til stadet. Dersom barnet har ein trygg tilknytingsperson som base vil det vere lettare for barnet i barnehagen å gå ut og prøve nye utfordringar (Nordvik, 2020, s. 140–145). Likevel tyder funna på at sjølv om informantane var klar over konsekvensane av møtedagane er det likevel kun ein av tre barnehagar som har konkrete arbeidsmåtar for å i vareta den inkluderande leiken, medan to av informantane veit om konsekvensane, men det kjem ikkje fram i intervjuet at dei har noko konkrete tiltak mot eksklusjon når den trygge tilknytinga ikkje er til stade.

## 5.8. Leiing

Eit motivert og kompetent personalet er viktig for å skape gode barnehagar, og ein god leiar leggje til rette for at personalet skal bli motivert og har eit indre ynskje om å forbetre seg. Informantane var samde om at ein som barnehagelærar hadde ein sentral oppgåve i å rettleie personalet. Leiaren må sørge for å få alle med i prosessen og leggje til rette for at personalet kan gjere jobben sin på ein tilfredsstillande måte, der dei har fokus på barnet først. Målet er jo å skape og vidareutvikle ein felles oppdrags- og kvalitetsforståing hjå alle tilsette i barnehagen. Det er denne kollektive forståinga som må følgjast opp med konkrete handlingar som dannar bakgrunn for å bli ein lærande barnehagen.

Leiing handlar i stor grad om å skape resultat gjennom andre. Det kan vere forskjellege måtar å utløyse potensiale hjå personalet. Gjort på riktig måte vil dette bidra til å inspirere personalet til å akseptere utfordrande mål og strekkje seg mot dei. Leiarar som vel å engasjere og involvere seg og utviklar ein lærande organisasjon bidreg til barns læring og utvikling. Barnehage 3 understrekar tydeleg om viktigheita av personalets behov for moglegheit til å tilegne seg meir kompetanse og kunnskap. Informanten frå barnehage 3 formulera seg slik:

*“Det må begynne frå leiing, ein må vere opptatt av planar og rutinar, å jobbe med nærleik, jobbe med kompetanse inn i personalgruppa. Sende dei på kurs, ha lærande møter, ha heile tida fokus på det faglege”* (Barnehage 3).

### 5.8.1 Pedagogisk leiing

Pedagogisk leiing er knytt til den lærande organisasjonen og korleis leiarar i barnehagen har ansvar for å utvikle ein barnehage. Når ein utviklar barnehagen skal det bli skapt ein kultur der det er rom for læring og endring, der læring og kunnskap er viktige ressursar og drivkrefter for utvikling i tråd med barnehagens verdigrunnlag og føringar i rammeplan for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017). Dette er sentralt både for personalet sin individuelle utvikling så vel som organisasjonsutvikling.

Det er viktig for leiaren å finne riktig balanse mellom styring og sjølvbestemming i kvardagen. Personalet må føle at dei har ein viktig og delaktig rolle i organisasjonen. Kultur er eit resultat av korleis ein tenkte og oppførte seg over tid. Kulturen som finn sted i barnehagen kan ein omtale som organisasjonskultur og dette er eit sett av felles verdiar, normar og verkelegheitsoppfatningar som utviklast i ein organisasjon (Børhaug et al. 2011, s. 26). Kulturen i barnehagen er ikkje noko som endrast raskt, men den endrar seg over tid dersom ein jobbar kontinuerleg med personalet om ulik tematikk som kan vere aktuell. Til dømes inkludering, eit tema der personalet kan ha ulike meininger og grunnsyn, samt det kan ha blitt grobotn for ein kultur rundt visse verdiar og haldningars rundt barns inkludering. Når ein skal jobbe med kulturendring og dei verdiane som ligg i barnehagen, krev det at ein som barnehagelærar og pedagogisk leiar jobbar kontinuerleg med personalet.

## 6. Avslutning

I denne oppgåva har vi tatt for oss problemstillinga: «*Korleis kan ein som barnehagelærar leggje til rette for inkluderande leik i utemiljøet*». Vi har gjennom intervju med barnehagelærarar fått ein god innsikt i barnehagepersonalets oppfatningar av omgrepet inkludering og inkluderande leik, og deira rolle i arbeidet med inkluderande leik i utemiljøet. Vi har vore opptatt av korleis personalet, spesielt då barnehagelærarar, i barnehagefeltet forheld seg til kven som er innanfor og utanfor i leiken. Vi har også gått inn på korleis barnehagelærarar kan jobbe med personalet for å skape felles forståing over den aktuelle tematikken.

Vi meinar det er viktig at barnehagepersonalet både kan hjelpe barn inn i leik og samtidig beskytte leiken. Ingen situasjonar eller barn er like og vi meinar det er viktig å kunne stole på sin eigen intuisjon og bruke skjønn i tillegg til både teoriar og erfaringar når personalet står midt i ein situasjon der eit barn blir heldt utanfor i leik. Difor meinar vi at barnehagens viktigaste oppgåve er å støtte opp om barns leik, gje plass for leiken i barnehagekvardagen og sørge for at alle barn finn ein plass i det leikande fellesskapet. Funna vise at eit godt og tett samarbeid i personalgruppa og med barnets heim vil vere med på å styrke barnets trivsel i barnehagen. Vi ser viktigheita av at alle barn føle, og blir, inkludert både av barnegruppa og personalet. Vi ser også korleis informantane vektlegge viktigheita av at alle barn skal trivast i barnehagen, og at alle barn skal ha ein ven å gå til. Eit barn som ikkje trivast og ikkje føle hen har ein ven å leike med, kan ikkje ha det godt i barnehagen. Funna vise barnehagelærarens tankar når dei snakkar om sosial kompetanse og sosialt samspel, og kor viktig dette er når det kjem til å leike og forhandle med andre slik vi har vist til i teorien.

Arbeidet med denne oppgåva har vore spennande og lærerikt, samt gitt oss nye perspektiv på kor stor betydning inkludering har å seie for barns trivsel i barnehagen. Oppgåva har gjeve oss eit bilet av kor sårbar utetida kan vere for dei mindre sosialt kompetente barna, og korleis uterommet kan følast uendeleg stort for og sårt når ein har ingen å gå til, og at dei ikkje føle seg som ein del av fellesskapet. Oppgåva har gjeve oss bekrefting på viktigheita av det førebyggande arbeidet som barnehagelærarar og personalet gjer med å leggje til rette for inkluderande uteleik.

I lys av resultat av analyse og teori som er blitt presentert svarar vi problemstillinga vår med at barnehagelærarar er beviste på kva tiltak og reiskap ein kan bruke for å leggje til rette for inkludering og inkluderande leik, men at den pedagogiske praksisen kan variere på bakgrunn av personalet sin kompetanse, utdanning og motivasjon. Det kom fram at ein vil jobbe med teorien, men arbeid med personalgruppa kan skape utfordringar når det kjem til arbeidsprosessar. Til vidare forsking kan det vere aktuelt å observere i praksis eit slikt tema, då det vise at barnehagelærarar har kompetanse og kunnskap om kva ein kan gjere, men at arbeidsmetodane kan variere spesielt. Hovudfokuset i denne oppgåva fall fort på inkludering og inkluderande leik generelt, enn utedmiljøet som er spesifisert i vår problemstilling, fordi fleire av informantane la fram at inkludering er like viktig i alle miljø.

## 7. Litteraturliste.

- Aasen, W. (2018). *Teamledelse i barnehagen* (2.utg.). Fagbokforlaget.
- Aaserud, G. (Red.). (2020). *Barnehagelæreren - en verdibygger*. Fagbokforlaget.
- Alvestad, T. (2012). *Om små barns forhandlinger i lek*. Cappelen Damm Akademisk.
- Askland, L. & Sataøen, S.O. (2019). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst* (4.utg.). Gyldendal.
- Bae, B. (2009). Å se barn som subjekter - noen konsekvenser for oppvekstarbeid. I Moen, K.H., Lillemyr, O.F., Glaser, V. & Mørreauen, S. (2009). *Inspirasjon og kvalitet i praksis - med hjerte for barnehagefeltet*. (red.). (s. 18-35). Pedagogisk forum.
- Barnehagelova. (2005). *Lov om barnehager (barnehagelova)*. (LOV-2005-06-17-64). Henta fra <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>.
- Børhaug, K., Helgøy, I., Homme, A., Lotsberg, D.Ø., & Ludvigsen, K. (2018). *Styring, organisering og ledelse i barnehagen*. Fagbokforlaget.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving*. Gyldendal.
- Glaser, V. (2019). *Foreldresamarbeid - Barnehagen i et mangfoldig samfunn* (2.utg.). Universtetforlaget.
- Hagen, T.L. (2015). *Hvilken innvirkning har barnehagens fysiske utedrift på barns lek og de ansattes pedagogiske praksis i uteområdet*. Tidsskrift for nordisk barnehageforskning: <https://nordiskbarnehageforskning.no/index.php/nbf/article/view/117/118>.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplanen for barnehagen: Forskrift om rammeplanen for barnehagens innhold og oppgaver*. Henta frå: <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>.
- Lillemyr, O.F. (2012). *Lek på alvor*. (3.utg.). Universitetsforlaget.
- Lundhaug, T. & Neegaard, H.R. (2013). *Friluftsliv og uteliv i barnehagen*. Cappelen Damm

AS.

- Lysklett, O. (2013). *Ute hele uka – natur- og friluftsbarnehagen*. Universitetsforlaget.
- Löfdahl, A. (2014). *Kamratkulturer i förskolan - en lek på andras villkor* (2.utg.). Stockholm.
- Løkken, G., & Søbstad, F. (2017). *Observasjon og intervju i barnehagen*. (4.utg.).  
Universitetsforlaget.
- Nordvik, G.K. (2020). Tilknytning og dei yngste barnas deltagelse i barnehagens fellesskap. I Grindheim, L.T. & Aaserud, G. (red.). *Barnehagelæreren - en verdibygger* (s. 140 - 151). Fagbokforlaget.
- Ohm, M. (2020). "Jeg hater barnehager og i alle fall barn" Profesjonell omsorg som forebygging mot mobbing i barnehagen. Grindheim, L.T. & Aaserud, G (Red.), *Barnehagelæreren - en verdibygger* (s. 172-188). Fagbokforlaget.
- Osnes, H., Skaug, H.N. & Kaarby, K.M.E. (2015). *Kropp, bevegelse og helse i barnehagen*. (2.utg.). Universitetsforlaget.
- Postholmd, M.B. (2010). *Kvalitativ metode: En innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier*. Universitetsforlaget.
- Pape, K. (2020). *Gode medarbeidere i barnehage: Arbeid med lek og inkludering*. Kommuneforlaget AS.
- Pape, K. (2020). *Lek og inkludering i barnehagen: Motvekt til utestengelse og mobbing*. Kommuneforlaget AS.
- Statped - Statleg spesialpedagogisk tjeneste. (2020.13.11). *Hva er inkludering*. Henta frå <https://www.statped.no/temaer/inkludering/hva-er-inkludering/>.
- Sjøvik, P. (red.) (2014). *En barnehage for alle. Spesialpedagogikk i barnehagelærerutdanningen*. (3.utg.). Universitetsforlaget.
- Utdanningsdirektoratet. (2018). *Støttmaterialet til rammeplanen. Barns trivsel - voksnes ansvar*. Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/stottemateriell-til-rammeplanen/trivselsveileder/>.
- Ødegaard, E.E. (2011). Deltakende handlingsrom i barnehagen – dynamikk og vilkår. I

Korsvold, T. (2011). *Barndom. Barnehage. Inkludering.* (red.). (s.130-148).

Fagbokforlaget.

Øksnes, M. (2011). *Lekens inkluderende muligheter. Et skjevt blikk på inkludering og barns*

*lek i barnehagen.* I Korsvold, T. (2011). *Barndom. Barnehage. Inkludering.* (red.).

(s. 174-193). Fagbokforlaget.

## 8. Vedlegg

### 8.1 Vedlegg 1: Meldeskjema



#### Meldeskjema

**Referansenummer**

274472

**Hvilke personopplysninger skal du behandle?**

- 
- Navn (også ved signatur/samtykke)
  - E-postadresse, IP-adresse eller annen nettidentifikator
  - Lydopptak av personer

**Prosjektinformasjon****Prosjekttittel**

Korleis kan ein som barnehagelærar legge til rette for inkluderande leik i utedørsmiljøet.

**Prosjektbeskrivelse**

Bacheloroppgåve med fokus på inkluderande leik i utedørsmiljøet. Kvalitativ metode i form av intervju.

**Begrunn behovet for å behandle personopplysningene**

Ved bruk av lydopptak vil ein lettare kunne få med seg alle detaljane i etterarbeidet med resultatet frå intervjuet når ein jobbar med bacheloroppgåva.

**Ekstern finansiering****Type prosjekt**

Studentprosjekt, bachelorstudium

**Gjelder innmeldingen for flere studentprosjekter (felles vurdering)?**

Nei

**Kontaktinformasjon, student**

**Behandlingsansvarlig institusjon**

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett / Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsvitenskap

**Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)**

Remi Kaldhussæter, reka@hvi.no, tlf: 91873025

**Skal behandlingsansvaret deles med andre institusjoner (felles behandlingsansvarlige)?**

Nei

**Utvalg 1****Beskriv utvalget**

Barnehagelærar i barnehagar.

**Rekruttering eller trekking av utvalget**

Rekruttert sjølv gjennom feltarbeid.

**Alder**

25 - 55

**Inngår det voksne (18 år +) i utvalget som ikke kan samtykke selv?**

Nei

**Personopplysninger for utvalg 1**

- Lydopptak av personer

**Hvordan samler du inn data fra utvalg 1?****Personlig intervju****Grunnlag for å behandle alminnelige kategorier av personopplysninger**

Samtykke (art. 6 nr. 1 bokstav a)

**Informasjon for utvalg 1****Informerer du utvalget om behandlingen av opplysningsene?**

Ja

**Hvordan?**

Skriftlig informasjon (papir eller elektronisk)

**Tredjepersoner****Skal du behandle personopplysninger om tredjepersoner?**

Nei

**Dokumentasjon****Hvordan dokumenteres samtykkene?**

- Elektronisk (e-post, e-skjema, digital signatur)

**Hvordan kan samtykket trekkes tilbake?**

Ein kan registrere at samtykke blir trekt tilbake ved ein e-post med digital signatur.

**Hvordan kan de registrerte få innsyn, rettet eller slettet opplysninger om seg selv?**

Vil få ein kopi av sammendrag av notatar i utforming av resultatdelen. Registrerte vil få mulighet til å sende tilbakemeldingar og endringar via e-post.

**Totalt antall registrerte i prosjektet**

1-99

**Tillatelser****Skal du innhente følgende godkjenninger eller tillatelser for prosjektet?****Behandling****Hvor behandles opplysingene?**

- Mobile enheter tilhørende behandlingsansvarlig institusjon

**Hvem behandler/har tilgang til opplysingene?**

- Student (studentprosjekt)
- Prosjektansvarlig

**Tilgjengeliggjøres opplysingene utenfor EU/EØS til en tredjestaat eller internasjonal organisasjon?**

Nei

**Oppbevares personopplysningene atskilt fra øvrige data (koblingsnøkkel)?**

Ja

**Hvilke tekniske og fysiske tiltak sikrer personopplysningene?**

- Opplysningene anonymiseres fortløpende
- Opplysningene krypteres under lagring
- Endringslogg
- Adgangsbegrensning

**Varighet****Prosjektperiode**

14.02.2022 - 16.06.2022

**Skal data med personopplysninger oppbevares utover prosjektperioden?**

Nei, data vil bli oppbevart uten personopplysninger (anonymisering)

**Hvilke anonymiseringstiltak vil bli foretatt?**

- Personidentifiserbare opplysninger fjernes, omskrives eller grovkategoriseres
- Lyd- eller bildeopptak slettes

**Vil de registrerte kunne identifiseres (direkte eller indirekte) i oppgave/avhandling/øvrige publikasjoner fra prosjektet?**

Nei

**Tilleggsopplysninger**

**8.2. Vedlegg 2: Informasjonskriv til informantar.**

BLUBACH301 – Bacheloroppgåve. Informasjonsskriv intervju.

**Vil du delta i forskningsprosjektet****“Korleis kan barnehagelærar legge til rette for inkluderande  
leik i utedmiljøet”?**

Dette er eit spørjemål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der formålet er å finne ut korleis ein som barnehagelærar kan legge til rette for inkluderande leik i utedmiljøet i praksis. I dette skrivet gjev vi deg informasjon om mål for prosjektet og kva deltaking vil innebere for deg.

**Kven er ansvarleg for prosjektet:**

Høgskulen på Vestlandet. Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett. Institutt for pedagogikk, religion og idrett, er ansvarleg for prosjektet.

Rettleiar: Remi Kaldhussæter.

**Kvifor får du spørjemål om å delta?**

Du får spørjemål om å delta fordi vi ser etter ulike barnehagelærarar i forskjelle geografiar. Det vil sei både friluftsbarnehagar og barnehagar som ikkje har fokus på friluft.

**Kva innebere det for deg å delta?**

Vi vil intervjuet deg, der du delar av din erfaring om arbeid med inkluderande leik i utedmiljøet, og dine tankar rundt korleis dette er i praksis. Her vil vi ta lydopptak av intervjuet. Lydopptakk tenkje vi er sentralt for å få med alle detaljar, og for at intervjuet ikkje skal bli avbrutt av at ein må passe på å notere ned alt. Vi vil bruke ein ekstern lydopptakk, og intervjuet vil bli sletta innan 16.juni 2022. Etter intervjuet vil vi transkribere alt som blei sagt, og seinare analysere og drøfte rundt spørjemål og svar. Lydopptaket vil bli oppbevart på ein ekstern USB stick fram til 16.juni 2022. Lydopptaket vil bli oppbevart

kryptert på ein USB stick fram til Vi vil ikkje ha nokon personlege opplysningar, det einaste som kan kjennast igjen er stemma til den som blir intervjuet.

### **Det er frivillig å delta.**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan ein når som helst trekke tilbake samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysningane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

### **Ditt personvern - korleis vi oppbevara og brukar dine opplysningar.**

Vi vil berre bruke opplysningane om deg i føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandler opplysningane konfidensielt og i samsvar med personregelverket.

- Er kun vi, som studentar, rettleiar og Høgskulen på Vestlandet som vil kunne oppbevare og bruke opplysningane dine.
- Vi vil omtale deg som barnehagelærar eller pedagogisk leiar, alt etter kva stillingstittel du har i dag. Ingen opplysningar i oppgåva skal kunne sporast tilbake til deg eller barnehagen du jobbar i.

### **Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Opplysningane blir anonymiserte ved transkibering. Lydopptak vil bli sletta etter 16.juni 2022.

Bacheloroppgåva leverast 25.mai 2022. Lydopptak vil bli sletta 16.juni 2022.

### **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysningar om deg?**

Vi behandler opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har NSD - Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personregelverket.

### **Dine rettigheitar.**

Så lenge du kan identifisere i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg, og få utlevert ein kopi av opplysningane,
- å få retta opplysningar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysningar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysningane dine.

**Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:**

Dersom du har spørjemål til studien, eller ynskje å nytte deg av dine rettigheitar, ta kontakt med:

- Høgskulen på Vestlandet ved Remi Kaldhussæter [Reka@hvl.com](mailto:Reka@hvl.com), 91873025
- Studentar som skriver denne bacheloroppgåva.
- Personvernombod: Trine Anikken Larsen - Høgskulen på Vestlandet (hvl.no), e-post:  
[trine.anikken.larsen@hvl.no](mailto:trine.anikken.larsen@hvl.no), telefon: 55 58 76 82.

Dersom du har spørsmål knytt til Personverntjenester si vurdering av prosjektet kan du ta kontakt med:

- Personverntjenester, på e-post ([personverntjenester@sikt.no](mailto:personverntjenester@sikt.no)) eller på telefon: 53 21 15 00.

Med vennleg helsing.

**Remi Kaldhussæter, Studentar som skriv denne bacheloroppgåva.**

Prosjektansvarleg Student 1 Student 2 (Rettleiar)

**Samtykkeerklæring**

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet Inkluderande leik i utedørs miljøet, og har fått anledning til å stille spørjemål. Eg samtykker til:

å delta i intervju.

at mine personopplysningar lagrast til levert oppgåve, til 15.mai 2022. (Ved personopplysningar meinast lydopptakk der stemma di er det einaste som kan kjennast at)

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlast fram til prosjektet er avsluttet, 16.juni 2022

---

(Signert av  
prosjektdeltaker, dato)

### 8.3 Vedlegg 3: Intervjuguide

BACH301 – Bacheloroppgåva Intervjuguide.

Rammesetting:

- Vi skrive bacheloroppgåve på studieretninga Barnehagelærarutdanninga ved HVL,

Høgskulen på Vestlandet, campus Kronstad. Oppgåva omhandlar inkluderande leik i utemiljøet og korleis ein som barnehagelærar kan legge til rette for dette. I den forbindig intervjuar vi ulike barnehagelærere i ulike barnehagar for å få ein indikasjon på kjenneteikn og ulikskapar.

Informasjon: Tema for samtaLEN (bakgrunn, formål):

- Formålet med intervjuet er å hente inn informasjon som kan vere til hjelp for oss i arbeidet  
med å besvare følgende problemstilling: *Korleis kan ein som barnehagelærar legge til rette for inkluderande leik i utemiljøet?*
- Informasjonen vil bli behandla i prosessen gjennom utforming av resultat og oversikt over funn.

Fokusering:

Hovudspørsmål med fokus på det aktuelle tema:

Kva forbindar barnehagelærar med inkludering, og korleis arbeidar ein mot å skape ein inkluderande barnehage? Korleis opplever barnehagelærar å skulle ta hensyn til enkeltbarnet utan å sette gruppa til side, eller motsett, korleis ta hensyn til heile gruppa utan å sette enkeltbarnet til side?

Korleis opplever barnehagelærar å skulle legge til rette for sosiale relasjonar på tross av at barn er forskjellege?

Oppsummering:

- Oppsummere svar og funn.
  - Har vi forstått deg riktig?
  - Er det noko du vil legge til?